



ÅMLI KOMMUNE  
- BYGDA FOR ALLE



## Årsrapport 2019 - Årsmelding og rekneskap

Vedteke av kommunestyret 18.06.2020, sak 20/43

Forsidefoto: Beverborga barnehage



# INNHOLD:

<b>Årsmelding for 2019.....</b>	<b>6</b>
<i>Innleiing .....</i>	6
ØKONOMISK RESULTAT.....	6
<i>Kommunen som verksemد .....</i>	7
ÅRSVERK PR. 31.12.2019 .....	7
ALDERSSAMANSETNING PR. 31.12.2019: .....	7
NÆRVÆR/OPPFØLGING AV SJUKEFRÅVÆR .....	8
OPPLÆRING HMSK OG AVVIKSHANDTERING (QM+):.....	8
LÆRLINGER: .....	8
SOMMARJOBB FOR SKULEUNGDOM:.....	8
INTERNKONTROLL.....	8
TILSYN FRÅ EKSTERNE AKTØRAR.....	8
TILSYN FRÅ ÅMLI KOMMUNE .....	9
BEREDSKAP .....	9
INFORMASJONSSIKKERHET.....	10
LIKESTILLING.....	10
HEIDER TIL KOMMUNALT TILSETTE .....	10
ARBEIDSMILJØ OG YTRE MILJØ .....	10
<i>Folkevalde .....</i>	11
POLITISK ORGANISERING .....	11
MØTEAKTIVITET I DEI FASTE POLITISKE ORGANA .....	12
ØKONOMISK RESULTAT .....	12
VEDTAK FATTÅ I KOMMUNESTYRET 2018, MED STATUS UNDER BEHANDLING (UB).....	13
STAUS PÅ VEDTAK FATTÅ I KOMMUNESTYRET 2019.....	13
TILTAKSOVERSIKT MED STATUS .....	18
<i>Rådmannens stab.....</i>	19
ORGANISERING .....	19
OVERORDNA MÅL .....	19
FOKUSOMRÅDE .....	19
ØKONOMI.....	19
<i>Samfunn .....</i>	20
ORGANISERING .....	20
REINHALD .....	20
TEKNISK FAGOMRÅDE .....	20
KOMMUNALE BYGGEPROSJEKT.....	20
PLAN- OG BYGGESEN.....	20
KART OG OPPMÅLING.....	21
SKOGBRUK .....	21
JORDBRUK.....	21
REISELIV.....	22
NÆRING .....	22
KULTUR.....	23
BYGDEBOK .....	24
ÅMLI BIBLIOTEK .....	24
ØKONOMI.....	24

<b>Oppvekst.....</b>	<b>25</b>
BARNEHAGE.....	25
SKULEN.....	25
SFO.....	26
HELSESTASJONEN / JORDMORTENESTE .....	26
FLYKTNINGTENESTA .....	26
VAKSENOPPLÆRING .....	26
KULTURSKULEN.....	27
LOS/SLT: .....	27
PROSJEKT .....	27
ØKONOMI.....	29
<b>Habilitering og ressurs .....</b>	<b>30</b>
ORGANISERING .....	30
TENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA (Timmerodden Bufellesskap) .....	30
PSYKISK HELSETENESTE/RUS.....	31
ÅMLI SOM EIN AV-OG-TIL KOMMUNE .....	31
DAGSENTER.....	31
ØKONOMI.....	32
<b>Helse og omsorg.....</b>	<b>33</b>
ORGANISERING .....	33
LEGEKONTOR.....	33
FYSIOTERAPEUT.....	33
FRISKLIVSSENTRAL.....	33
INSTITUSJON - ÅPOS .....	33
SKJERMA AVDELING .....	34
LANGTIDSAVDELING .....	34
KJØKKEN / VASKERI /REINHOLD .....	34
HEIMESJUKEPLEIE .....	34
HEIMHJELP – PRAKTIK BISTAND .....	34
AMBULERANDE VAKTMESTER .....	35
AKTIVITETSTILBOD TIL DEMENTE .....	35
SYN OG HØRSELSKONTAKT .....	35
ØKONOMI.....	35
<b>Rekneskap for 2019 .....</b>	<b>36</b>
<i>Netto resultat fordelt på resultateining .....</i>	<i>36</i>
<b>Nøkkeltal.....</b>	<b>36</b>
<b>Hovedoversiktar.....</b>	<b>39</b>
HOVEDOVERSIKT SKJEMA 1A DRIFT .....	39
HOVEDOVERSIKT SKJEMA 1B - DRIFT PR. TENESTE T.O.M. TENESTE 4000 .....	39
HOVEDOVERSIKT SKJEMA 2A- INVESTERING.....	42
HOVEDOVERSIKT SKJEMA 2B – INVESTERING .....	43
HOVEDOVERSIKT BALANSE.....	44
HOVEDOVERSIKT DRIFT .....	45
HOVUDOVERSIKT INVESTERING .....	46
HOVEDOVERSIKT ANSKAFFELSE OG BRUK AV MIDLAR .....	46
<b>Noter.....</b>	<b>47</b>
NOTE 1 – ENDRING I ARBEIDSKAPITAL .....	47
NOTE 2 - PENSJON.....	47

NOTE 3 – OPPGÅVE OVER ÅMLI KOMMUNE SINE GARANTIFORPLIKTELSAR 31.12.	48
NOTE 4 - AKSJAR OG ANDELAR I SELSKAP	49
NOTE 5 – AVSETNINGAR OG BRUK AV FOND	49
NOTE 6 – PENSJON	50
NOTE 7 - SAMLA ETTERKALKYLE SJØLVKOST 2019	50
NOTE 8 – KAPITALKONTO	51
NOTE 9 – LÅNEGJELD	51
NOTE 10 – INNSKOT/PLASSERINGAR/GJELDSPORTEFØLJE	52
<i>Årsmelding Åmli Kraftfond</i>	53



# Årsmelding for 2019

## Innleiing

Rådmannen i Åmli kommune legg med dette fram årsrapport med rekneskap og årsmelding for 2019 som eit samla dokument.

Dokumentet skal ivaretake dei krav kommunelova set i høve til rapporteringa til kommunestyre. Rapporten skal gi opplysningar om forhold som er viktige for å vurdere kommunen sin økonomiske stilling og resultat.

Årsrekneskapen skal omfatte alle økonomiske midlar som vert disponert, og bruk av midlane. Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen etter tilråding frå formannskapet. Vedtaket skal syne disponering av rekneskapsmessig resultat.

Det er krav i kommunelova § 48 om rapportering av forhold av vesentlig verdi for kommunen, omtale av tiltak for å sikre høg etisk standard – og arbeid for å fremje miljø og likestilling på alle område i kommunen.

Slik rådmannen ser det vert desse lovkrava ivareteke i dette felles dokumentet.

## ØKONOMISK RESULTAT

### Driftsrekneskapen

Netto driftsresultat skal i utgangspunktet vise forskjellen mellom kommunen sine inntekter og utgifter gjennom året i motsetnad til rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk (botnlinja) som måler økonomisk avvik sett i høve til eit budsjett i balanse.

Rekneskapsført netto driftsresultat for rekneskapsåret 2019 er positivt og utgjer kr 4,667 mill. Netto driftsresultat i 2018 var kr 2,871 mill.

Netto driftsresultat utgjer 2,22 % av brutto driftsinntekter i 2019. I 2018 utgjorde netto driftsresultat 1,4 % av brutto driftsinntekter.

Kommunaldepartementet sine føringar er at måltalet minst skal utgjer 1,75 % av sum driftsinntekter.

Etter bruk og avsetningar til fond vart driftsrekneskapen for 2019 avslutta med eit rekneskaps messig mindreforbruk på kr 5,399 mill. mot kr 4,475 mill. i 2018.

Kommunen har netto sett av kr 2,8 mill. til disposisjonsfond, medan det vart budsjettet med netto bruk på 0,2 mill. Differansen utgjer i hovudsak mindre utgifter knytt til framandspråklege born innanfor ulike tenester i eining for oppvekst samt mindre utgifter

knytt til kommuneplanarbeidet i eining for samfunn. I tillegg er det vart avsett tilskotsmidlar innanfor prosjektet Grønt kompetansesenter som ikkje var budsjettet.

Endring i kommunen sin økonomiske handlefridom må vurderast mot endring i disposisjonsfond under eigenkapitalen i balansen, alternativt netto bruk/avsetning til disposisjonsfond i driftsrekneskapen.

Tenesteområda har samla sett eit mindreforbruk i høve til revidert budsjett på kr 0,7 mill.

Dette syner god budsjettidisplin og god økonomisk kontroll totalt sett for kommunen.

Utover ovannemnde påverka pensjonsføringane resultatet positivt med kr 2,2 mill samt at dei frie overføringane i form av rammetilskot og skatt vart kr 0,5 mill høgare enn budsjettet grunna ein høgare skattevekst for landet sett i forhold til anslaget i revidert statsbudsjett.

### Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse mellom utgifter og inntekter.

Av totalt finansieringsbehov på kr 22,7 mill. er kr 13,3 mill. finansiert med låneopptak.

Investeringsprosjekta kan gå over meir enn eit rekneskapsår og det kan difor vere til dels store avvik mellom budsjett og rekneskap. I all hovudsak er prosjekta gjennomført i.h.h.t vedteke budsjett og investeringsrekneskapen leggast fram i balanse.

### Nærare om kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12

#### Fond

For å ivaretake ein viss økonomisk handlefridom, bør kommunen ha frie driftsfond av ein viss størrelse for å kunne møte endra føresetnader kring drifta. Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk frå tidlegare år bør og takast med i vurderinga av frie fond pr. 31.12.

Frie fond knytt til drift pr. 1. januar 2019 utgjorde kr 34,4 mill. (disposisjonsfond + akkumulert mindreforbruk, medan tilsvarande saldo pr. 31.desember 2019 er positiv med kr 37,7 mill. (disposisjonsfond + udisponert mindreforbruk). Dei frie midla til kommunen er dermed styrka med kr 3,3 mill. frå 2018 til 2019.

Ved utgangen av 2019 utgjer netto balanseført premieavvik kr 11,1 mill. (kr 8,4 mill. i 2018)

Akkumulert premieavvik i balansen skal utgiftsførast i kommunen sitt driftsrekneskap over eit visst tids-

intervall alt avhengig av når tid premieavviket oppstod. Amortiseringstida for premieavviket har blitt redusert frå opprinnelag 15 år til 7 år. Dette fører til at tilbakeføring av akkumulert premieavvik vil skje over kortare tid, og med høgare beløp pr. år. Konsekvensen er auka årlig belastning i kommunen sin driftsrekneskap dei komande åra.

Når kommunen ikkje har sett av midlar til fond for å dekke denne plikta i rekneskapen, må disposisjonsfonda korrigeraast for netto balanseført premieavvik for å kunne synleggjere kommunen sin faktiske økonomiske handlefridom. Resultatet vert då at kommunen sine frie fond utgjer kr 26,6 mill. ved utgangen av 2019. Korrigert for premieavviket utgjorde dei frie fonda kr 26 mill. i 2018. Kommunen sin handlefridom har dermed auka med kr 0,6 mill. frå 2018 til 2019.

### Gjeld

Ved utgangen av 2019 var kommunen si netto lånegjeld, knytt til investeringar, kr 167,2 mill. mot kr 162,1 mill. i 2018. Ubrukte lånemidlar er redusert frå kr 16,6 mill. til 8,4 mill.

Åmli kommune må framleis bruke ein forholdsvis stor del av driftsinntektene til å dekke renter og avdrag i åra som kjem når planlagde investeringar er gjennomført.

Gjeldsgraden til kommunen målast med forholdstalet mellom netto lånegjeld og driftsinntektene til kommunen.

Driftsinntektene var kr 210 mill. i 2019. Dette gir ein gjeldsgrad på 79,5 % mot ein gjeldsgrad på 77,2 % i 2018.

### Likviditet

Kommunelova krev at kommunane skal ha midlar nok til å dekke sine betalingsplikter ved forfall.

Likviditet vert målt ved å sjå på forholdet mellom balanseførte verdiar for omløpsmidlar (kortsiktige

fordringar, omløpsaksjar, samt kasse og bankkonti) og kortsiktig gjeld. Basert på kommunens balanseførte verdiar pr. 31.12.19 utgjer forholdstalet 3,3 (3,0 i 2018)

Anbefalt forholdstal er 1.

I kommunen sin bankbeholdning finst midlar som er tilført gjennom låneopptak til investeringsformål. Slike ubrukte lånemidlar bør ikkje telle som driftslikviditet. For å få eit meir korrekt bilet, bør ein justere kontantbeholdninga for desse ubrukte låne-midla.

Basert på justerte verdiar endrast forholdstalet til 3,0 i 2019 mot 2,6 i 2018.

Ein kan, ut frå totalbilete, konkludere med at kommunen sin økonomiske situasjon er god - og er noko styrka sett i forhold til 2018.

### Kommunen som verksemد

#### ÅRSVERK PR. 31.12.2019

Eining	Kvinner	Menn	Sum årsverk
Rådmannens stab	4,7	2,5	7,2
Oppvekst	41,95	11,09	53,04
Helse og velferd	48,5	1,3	49,80
Habilitering og ressurs	18,84	1,89	20,73
Samfunn	7,85	14,4	22,25
<b>Sum årsverk</b>	<b>121,84</b>	<b>31,18</b>	<b>153,02</b>

Årsverk og fordeling på kvinner og menn er henta ut frå kommunen sine lønsdata. Tala vil ikkje vere 100% riktig då både ein fast tilsett som har gått på sjukeløn/løna permisjon og vikar kan vere med i berekningsgrunnlaget og tilsette som er i permisjon utan løn er ikkje medrekna. Sentrale personalregister, som til dømes PAI-registeret til Kommunenes Sentralforbund, vil innehalde dei same små feilmarginane.

Sum årsverk har gått ned frå 160,94 i 2017 til 153,02 i 2019 og det vil alltid vere ein viss feilmargin.

#### ALDERSSAMANSETNING PR. 31.12.2019:

Eining	Under 20 år	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	Sum tilsette
Rådmannens stab	0	0	1	2	4	2	9
Oppvekst	0	6	15	20	18	6	65
Helse- og velferd	0	9	17	21	16	3	66
Habilitering og ressurs	0	6	5	9	4	3	27
Samfunn	0	0	1	7	9	9	26
<b>SUM</b>	<b>0</b>	<b>21</b>	<b>39</b>	<b>59</b>	<b>51</b>	<b>23</b>	<b>193</b>

Hovudtyngda tilsette ligg i aldersgruppa 40-49 år og 50-59 år og som er stigande i åra framover.

## NÆRVÆR/OPPFØLGING AV SJUKEFRÅVÆR

År	Kvinner	Menn	Totalt
2012	8,79	3,67	7,49
2013	10,21	2,24	8,85
2014	10,34	6,21	9,37
2015	12,61	3,41	10,44
2016	8,36	5,92	7,80
2017	7,59	4,57	6,92
2018	10,58	3,70	9,05
2019	8,86	5,87	8,22

I perioden 2016 til 2019 har det vore fokus på å ha tett oppfølging på arbeidsplassen i høve til tilsette som står i fare for å gå ut i sjukmelding og tilsette som er sjukmelde.

### OPPLÆRING HMSK OG AVVIKSHANDTERING (QM+):

Dette er viktige tiltak for å sikre gode rutinar og arbeidstilhøve for tilsette. Sjå eige punkt om Internkontroll for nærmere kommentarar.

### LÆRLINGAR:

Kommunen har i 2019 hatt 5 lærlingar. Ein i helse-arbeidarfaget, tri i barne- og ungdomsarbeidar-faget og ein i kontor- og adm.faget.

Dei sentrale partar i arbeidslivet, både offentleg og privat sektor, har utarbeida ein samfunnsskontrakt der det ligg ei målsetting om at kommunane aukar antal lærlingar mot måltal om å ha tri lærlingar pr. 1.000 innbyggjarar.

Denne føringa ligg og i intensjonsavtalen med fylkeskommunen frå 2019.

Utfordringa er at det ikkje er nok læreplassar å tilby elevane etter fullført VG2. Eit lærlingeløp går over 4 år (2 år i skule og 2 år i lærebedrift).

Fylkeskommunen må opprette eigne VG3-klassar for dei som har krav og ikkje får læreplass. Det er ei dårleg løysing då det ikkje er tvil om at lærlingar som går eit 4-årig løp får ei betre kvalitet på utdanninga enn dei elevane som bare går eit 3-årig løp før oppmelding til fagprøve.

### SOMMARJOBB FOR SKULEUNGDOM:

Åmli kommune har i mange år hatt eit tilbod om sommarjobb for skuleungdom som bur i kommunen. Tilbodet går ut til alle 17-åringar og dei kan velje om dei vil ha to veker sommarjobb i kommunen eller i privat bedrift. I 2019 var det 13 ungdomar som nyttar tilbodet. 6 i kommunen og 7 i private verksemder.

## INTERNKONTROLL

KS har definert "Rådmannens internkontroll – orden i eget hus" med følgjande hensikt og mål for internkontroll:

- Kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen
- Heilhetleg styring og riktig utvikling
- Godt omdømme og legitimitet
- Etterleving av lov og regelverk

Rådmannen har kontinuerleg fokus på arbeidet med å forbetre system for styring av verksemda og internkontroll både når det gjelder tenestekvalitet og HMS. Rådmannen har ansvar for at vedteke styringsdokument blir fulgt opp i organisasjonen, og at kommunen leverer tenester av riktig kvalitet til brukarar og innbyggjarar. Etter kommunelova § 23 skal rådmannen syte for at administrasjonen drivast i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og er gjenstand for tryggjande kontroll. Rådmannens interne kontroll skjer i forlenginga av kommunestyrets tilsyn (kontrollutval og revisjon) og statens tilsyn med kommunane, jf. 5.4.2.

Einingsleiarar har ansvar for å etablere, og følje opp, den interne kontrollen i samsvar med delegerte fullmakter.

Det er i tillegg fastsatt særskilde internkontrollkrav innan ei rekke område av kommunens verksemd.

### TIJSYN FRÅ EKSTERNE AKTØRAR

I tillegg til rådmannens egen internkontroll, er det fleire eksterne aktørar som fører tilsyn med kommunen.

I 2019 har kommunen hatt føljande tilsyn:

Kven	Type tilsyn
Fylkesmannen	Tilsyn med Åmli pleie- og omsorgssenter
	Tilsyn med Åmli kommunens tenester til personar med rusproblem og psykisk lidelser
Mattilsynet	Tilsyn med kommunale vannverk
Arbeidstilsynet	Internkontroll på NAV
Østre Agder Brannvesen	Tilsyn med Hjemmebaserte tjenester vold og trusler og uheldige belastninger
Agder Energi	Branntilsyn kommunale bygg
Arbeidstilsynet	Tilsyn av elektriske anlegg – kommunale bygg

## TILSYN FRÅ ÅMLI KOMMUNE

**Etter forskrift i miljøretta helsevern § 14:** Tilsyn med Sigridnes camping

**Etter barnehagelova §21, 22 og 23:** Barnehagane i Åmli kommune

## BEREDSKAP

Den overordna Beredskapsplanen blei vedteke av kommunestyret i 2015.

Rådmannens stab, ved beredskapskoordinator, har det overordna ansvaret for oppfølginga av kommunens arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap.

Den einkilde einingsleiar har delegert ansvar for beredskap for eigne tenesteområder.

Krisehandtering skjer etter følgjande fire hovudprinsipp:

**ANSVAR** - Den myndigkeit med det daglige ansvaret, har ansvar og i ei krise

**LIKHET** - Organiseringa i krise skal vere mest mogleg lik dagleg organisering

**NÄRHET** - Ei krise skal handteras på lågast mogleg nivå

**SAMVIRKE** - Alle verksemder har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samvirke med relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering

Krisehandtering er summen av tiltak som settast i verk for å avgrense ei skade og bringe krisa til opphør.

## Opplæring

Det er gitt opplæring i:

- Loggføring og situasjonsrapportskriving i DSB sitt CIM (elektronisk krisestøtteverktøy) med Cim-loggføringsteam.
- Bruk av innbyggjarvarsling «Varsling24».
- Åmli kommunes beredskapsplaner og beredskapsorganisasjon med Kriselening og kommunens leiing og psykososialt kriseteam.
- EPS / psykososialt kriseteam temadag med Fylkesmannen

## Øvingar

Fylkesmannen gjennomførte beredskapsøvelse med Åmli kommune 15.01.2019 «Mangel på drikkevann».

Nokre av einingane har gjennomført brannøvingar og nokre har gjennomført førstehjelpskurs / øvingar.

## Hendelser i 2019 – beredskapsaktivitet

- 02.01.2019 Beredskapskoordinator deltok på PLIVO øvelse på TV. Strand og Åmli videregående skole på Holt.
- 08.01.2019 Møte / opplæring kriseledelsen med vara og enhetsledere - beredskaps org, beredskapsplanverk, ROS m.m.
- 09.01.2019 Cim trin med loggfører
- 10.01.2019 Cim trim med Cim teamet
- 15.01.2019 Beredskapsøvelse v/ Fylkesmannens beredskapsavdeling "Mangel på drikkevann"
- 15.02.2019 Nettverksmøte beredskapskoordinatorer i ØA kommunene
- 08.02.2019 Risikoanalyse med fokus på brann og mangel på vann Åmli skule og SFO
- 20.03.2019 Møte med arrangører av store arrangementer, Politikontakten og kommunen
- 11.04.2019 Beredskapskonferanse Kr.sand
- 12.04.19 Cim trim
- 07.05.2019 Møte Sivilforsvarets lokaler Fylkesmannens beredskapsavdeling trusselbilde (informasjonsleder)
- 06.06.2019 Temadag EPS og psykososialt kriseteam
- 07.06.2019 Møte mellom beredskapskoordinator og leder EPS/psykososialt kriseteam
- 13.06.2019 Møte i psykososialt kriseteam
- 14.06.2019 Møte med HV liaison kapt. Lyngrøth
- 28.06.2019 Cim trim
- Juli – Ingen hendelser / aktivitet
- 01.08.2019- Cim-trim
- 30.08.2019 – frist for enhetene til å revidereberedskapsplanverket med tilhørende tiltakskort, vedlegg og informasjonskort
- 02.09.2019 – Medlemsmøte psykososialt kriseteam
- 18.09.2019 – LRS øvelse Birkeland der psykososialt kriseteam deltok
- 23.09.2019 - Beredskapsrådsmøte i kommunen. Deltakere; Ordfører, Rådmann, leder for kriseledelsen, kommuneoverlege, Politikontakt, Beredskapskoordinator, leder psykososialt kriseteam/ EPS, påtroppende områdesjef i HV, Brannsjef ØABV, Distriktsjef i Sivilforsvaret, Beredskapskontrakt Bygdekvinnelaget, Leder Norsk Folkehjelp Åmli lag.
- 22.10.2019 Gjennomgang av beredskapsplan og kriportalen i Beverborga bhg.

- 28.10 – 01.11.2019 Eigenberedskaps veka; informasjon og utstilling på Rådhuset

Siste fredag i hver måned lader satelittelefonene og nødnetradioene samt sikringsradioen

### INFORMASJONSSIKKERHET

GDPR/ny personopplysningslov gjeldande fra 20.juni 2018.

På ansattportalen ligg eit eige nettkurs i personvern. Sikkerheitsansvarlege i kommunane er i eit fagleg nettverk, sikkerheitsforum i IKT Agder kommunane. Dei har hatt 4 møte. Aktivitetar:

- Forumets mandat – form og innhold
- Årshjul for informasjonstryggleik
- Gjennomgang / repetisjon av instruks og mandat
- Utveksling av erfaringar og utfordringar
- Avviksgjennomgang

Det aller viktigaste for tilsette er å være bevisste på kva personopplysningar er, kva for personopplysningar du behandler, og kva for system du gjer det i.

### LIKESTILLING

I Åmli har hovudfokus for likestillingsarbeidet i 2019 vore:

- Reduksjon av sjukefråvær, som er størst i kvinnedominerte yrker.
- Kommunen arbeider målretta for å redusere talet på deltidsstillingar og auke størrelsen på stillingar og utjamne lønsforskjellar.

I kommunen si leiargruppe er det 2 kvinner og 5 menn.

### Andel tilsette heiltid (100% stilling) pr 31.12.:

Eining	2017	2018	2019
Rådmannens stab	50%	60%	67%
Oppvekst	36%	58%	56,61%
Helse- og velferd	20%	29%	27,18%
Habilitering og ressurs	23%	46%	37,03%
Samfunn	53%	58%	65,38%

Tabellen syner at det særleg er Helse og omsorg som har få tilsette i 100% stilling. Andelen har og gått ned i Habilitering og ressurs.

Utfordringa også på landsplan er at det er særleg innan pleie- og omsorgssektoren det er mange deltidstilsette.

### HEIDER TIL KOMMUNALT TILSETTE

25 år teneste: Reidun Valle, Liv Mona Føreland, Laila Nylund, Bodil Kydland Vehus, Knut Arne Eikås, Anne Grete Askland og Olav Vehus.

40 års teneste: Grethe Lofstad



F.v.: Rådmann Christina Ødegård, Reidun Valle, Liv Mona Føreland, Olav Vehus, Knut Arne Eikås, Bodil Kydland Vehus, Anne Grete Askland, Laila Nylund og ordførar Bjørn Gunnar Baas. Grethe Lofstad var ikkje tilstades.

### ARBEIDSMILJØ OG YTRE MILJØ

Åmli kommune arbeider systematisk og breitt for å sikre eit godt arbeidsmiljø.

I det systematiske arbeidet med å sikre eit godt arbeidsmiljø ligg kontinuerleg registrering og oppfølging av sjukefråvær, vernerundar, medarbeidar-samtalar, arbeidsplassvurdering, avviksrapportering og medarbeidarundersøking.

I 2019 var det ein medarbeidarundersøking i heile kommunen: 10-faktor undersøking. Kvar eining skal ha utarbeida tiltaksplan etter undersøkinga som dei jobbar med. Det er ei målsetting om at medarbeidarundersøking skal gjennomførast kvart andre år.

I høve til det ytre miljø er det fokus på å sikre god kvalitet på alle vasskjelder og anna arbeid for å hindre forureining.

## Folkevalde

### POLITISK ORGANISERING

Prinsippet i organiseringa er at alle ikkje lovbestemte utval vert nedlagt og at sakene går direkte frå administrasjonen til kommunestyret. Unntak for dette er saker som gjennom lov-/avtalebestemte skal gå via utval før behandling i kommunestyret. Det vil gjelde økonomisaker i formannskapet, arbeidsgjeversaker i administrasjonsutvalet og plansaker i planutvalet. Saker i alle dei andre lovbestemte utvala stopper normalt i utvalet etter særlov.

Organiseringa bygger på at formannskapet sine medlem er klageutval, planutval, valstyre og arbeidsgjeversida i administrasjonsutvalet

Organ	Lovpålagte oppgåver
<b>Kommunestyre</b> (kommuneloven § 5-1)	Kommunestyre er kommunens øverste kommunale organ og treffer vedtak på vegne av kommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak.
<b>Formannskap</b> (kommuneloven § 5-6)	Formannskapet har lovstående oppgaver etter kommuneloven, deriblant oppgaven som økonomiutvalg. Utover dette treffer formannskapet vedtak i saker som kommunestyre har delegert til formannskapet.
<b>Kommunalt klageorgan</b> (forvaltningsloven §28)	Utvalget er personidentisk med formannskapet. Utvalget behandler klager på enkeltvedtak som er fattet i kommunale organer, der ikke særlover konkret angir en annen saksbehandling. Forvaltningslovens regler er gjeldende for utvalget.
<b>Planutvalg</b> (kommuneloven § 5-7)	Planutvalget er ett fast utvalg oppnevnt i kommunelovens §10. Utvalget er personidentisk med formannskapet.
<b>Administrasjonsutvalg</b> (kommuneloven § 5-11)	Kommunens partssammensatte utvalg for behandling av saker som gjelder forhold mellom kommunen som arbeidsgiver og de ansatte.
<b>Arbeidsmiljøutvalg</b> (arbeidsmiljøloven §7-1)	Arbeidsmiljøloven § 7.
<b>Forhandlingsutvalg</b>	Forhandlingsutvalget er ett politisk sammensatt utvalg med tre medlemmer. Utvalget skal gjennomføre lønnsforhandlinger etter hovedtariffavtalen der slik myndighet ikke er delegert til rådmannen. I samsvar med kap. 3 i Hovedtariff-avtalen har forhandlingsutvalget myndighet til å forhandle og inngå bindende protokoll ved lokale lønnsforhandlinger for rådmannen og enhetsledere.
<b>Kontrollutvalg</b> (kommuneloven § 23-1)	Organet skal føre tilsyn med kommunens forvaltning. Utvalget velges av kommunestyret.
<b>Rådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne</b> (kommuneloven § 5-12)	Åmli kommune har gjort vedtak om å slå sammen eldrerådet og rådet for funksjonshemma. Rådet skal gi uttalelser i alle saker som kommunen arbeider med som er av betydning for disse gruppene. Utvalget velges av kommunestyret.
<b>Ungdomsråd</b> (kommuneloven § 5-12)	Ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal ha en valgperiode på inntil to år. Medlemmene skal på valgtidspunktet ikke ha fylt 19 år. Utvalget velges av kommunestyret
<b>Valgstyre</b> (valgløven §4-1)	Valgstyret blir valgt av kommunestyre
<b>Forliksråd</b> (domstolloven §27)	Kommunen velger ett forliksråd på 3 medlemmer med varamedlemmer.
<b>Sakkyndig nemnd - eiendomsskatt</b> (eiendomsskatteloven § 8A-3)	Nemnda skal taksere eiendommene i kommunen.
<b>Sakkyndig ankenemnd – eiendomsskatt</b>	Nemnda skal behandle klager på takseringen som ikke blir tatt til følge av sakkyndig nemnd.

## MØTEAKTIVITET I DEI FASTE POLITISKE ORGANNA

Utval	År	2017		2018		2019	
		Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
Kommunestyret	8	148	10	143	11*	142	
Formannskapet	7	106	9	74	9	60	
Planutvalet	6	29	8	31	8	67	
Klageutvalet	1	1	1	2	0	0	
Valstyret	1	2	0	0	2	7	
Administrasjonsutvalet	6	45	9	34	4	22	
Arbeidsmiljøutvalet	4	20	6	22	5	15	
Kontrollutvalet	5	35	5	36	4	34	
Ungdomsrådet	7	33	5	16	2	8	
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	6	37	9	34	4	20	

\* inkludert orienteringsmøte budsjett



**Kommunestyret 2019-2023**

Frå venstre:

Viggo Hansen (KrF), Sveinung Seljås (KrF), Ole Kristian Nylund (SP), Liv Mona Føreland (SP), Tellef Olstad (SP), Olav Eppeland Føreland (SP), Jørund Smeland (SP), Geir Håland Moe (SP), Rakel Birkeli Søraker (SP), Bjørn Gunnar Baas (SP), Hans Fredrik Tangen (H), John Lien (AP), Anja Mogensen Mølmen (SP), Aslak Askland (H), Hilde Hansen Smeland (AP), Reidar Saga (AP), Kari-Anne Håland Moe (AP).

Foto: Tvedstrandsposten

## ØKONOMISK RESULTAT

Driftsbudsjettet for 2019 for kommunestyre, formannskap m.m., andre utvalg, ungdomsråd, kontrollutvalg og lokal partistøtte blei vedteke med ei ramme på totalt 2.300.008,- kr.

Regneskapstal for 2019 syner eit mindreforbruk på 228.511,- kr. totalt for desse tenestene.

## Kommunestyre- og fylkestingsval 2019

Vedteke driftsbudsjett for 2019 var på totalt 94.000,- og rekneskapstal for 2019 syner eit mindreforbruk på 8.277,- kr.

**VEDTAK FATTA I KOMMUNESTYRET 2018, MED STATUS UNDER BEHANDLING (UB)**

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg avdeling	Status	UB	AV
18/19	22.03.2018	Deltaking GPS-merkeprosjekt av villrein i Setesdal Austhei 2018-2022.	SAMF		x	
18/59	21.06.2018	Ferdigstillelse av nytt ventilasjonsanlegg Åmli Renseanlegg.	SAMF		x	
18/89	25.10.2018	Retningsliner motorferdsel 2019 - 2022.	SAMF			x
18/90	25.10.2018	Behov for ordinære utleieboliger i Åmli	SAMF			x
18/93	25.10.2018	Revisjon av retningsliner for Åmli ungdomsråd	SAMF			x
18/108	29.11.2018	Organisering og utredning av ny NAV organisering i Østre Agder	RÅD			x
18/132	13.12.2018	Ombygging og rehabilitering av Åmli pleie- og omsorgssenter.	SAMF		x	
18/133	13.12.2018	Midlertidig 2 årig Prosjektstilling ved Samfunn.	SAMF	Avventer finansiering	x	
18/137	13.12.2018	Velferdsteknologi - innføring av digitale trygghetsalarmer	HEVE			

**STATUS PÅ VEDTAK FATTA I KOMMUNESTYRET 2019**

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
19/1	31.01.2019	Godkjenning av protokoll frå førre møte			
19/2	31.01.2019	Referatsaker			
19/3	31.01.2019	Delegerte vedtak			
19/4	31.01.2019	Fritak fra politiske verv fra 31.01.2019 og ut kommunestyreperioden - Lene Fagerbekk Tande	STAB		x
19/5	31.01.2019	Mosberg barnehage. Bevilgning til reparasjon av bygningen etter råteskade.	SAMF		x
19/6	31.01.2019	Utvila kostnadsramme til ombygging av helse- og sosialsenteret - omdisponering av lån.	SAMF		x
19/7	31.01.2019	Behandling av klage på vedtak i kommunestyresak 18/91 - søknad om kjøp av skogstykke ved Sjodiplane	SAMF		x
19/8	31.01.2019	Samarbeidsavtale mellom Åmli kommune og Aust-Agder fylkeskommune	RÅD		x
19/9	31.01.2019	Forespurnad/interpellasjon			
19/10	31.01.2019	Spørsmål og svar			
19/11	28.02.2019	Referatsaker			
19/12	28.02.2019	Delegerte vedtak			
19/13	28.02.2019	Godkjenning av reguleringsplan Vikvatn og Strandvatn gnr. 24, bnr. 75	SAMF		x
19/14	28.02.2019	Næringsutleiebygg i Åmli	SAMF		x
19/15	28.02.2019	Tilstandsrapport Åmli skule 2018	OPPV		x
19/16	28.02.2019	Språkform i forbindelse med innføring av nytt sak-/arkivsystem i Åmli kommune	STAB		x
19/17	28.02.2019	Godkjenning av revidert informasjonsreglement for Åmli kommune	STAB		x
19/18	28.02.2019	Endring av selskapsform og utvidelse av selskapet IKT Agder	RÅD		x
19/19	28.02.2019	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
19/20	28.02.2019	Forespurnad/interpellasjon			
19/21	28.02.2019	Spørsmål og svar			
19/22	28.02.2019	Sletting av lån - ÅmliAvisa (Arkivref 19/168)	ORD		x
19/23	21.03.2019	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
19/24	21.03.2019	Referatsaker			
19/25	21.03.2019	Delegerte vedtak			
19/26	21.03.2019	Godkjenning av Reguleringsplan for FV 415 Selåsvatn - Simonstad	SAMF		x
19/27	21.03.2019	Salg av kommunale boliger for ordinært utleie.	SAMF	x	

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
19/28	21.03.2019	Hogst rydding på kommunal grunn - oppfølging.	SAMF		X
19/29	21.03.2019	Melding til kommunestyret			
19/30	21.03.2019	Forespurnad/interpellasjon			
19/31	21.03.2019	Spørsmål og svar			
19/32	23.05.2019	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
19/33	23.05.2019	Orientering			
19/34	23.05.2019	Referatsaker			
19/35	23.05.2019	Delegerte vedtak			
19/36	23.05.2019	Videre prosess for håndtering av klage/varsle	RÅD		X
19/37	23.05.2019	Minsteareal for elg, hjort og rådyr i Åmli kommune.	SAMF		X
19/38	23.05.2019	Søknad om transportløyve mot Kallingsheim - Byggmester Olstad AS.	SAMF		X
19/39	23.05.2019	Melding om igangsetting av arbeid med revisjon av plan for idrett og fysisk aktivitet i Åmli kommune 2020-2024	SAMF		X
19/40	23.05.2019	Forslag til utbedring i badeparken på Engenes	SAMF		X
19/41	23.05.2019	Tilleggsbevilgning til ny brannstasjon garasje etter anbudskonkuranse	SAMF		X
19/42	23.05.2019	Rådmannens forslag til strukturelle endringer 2019 - Justering av drift	RÅD		X
19/43	23.05.2019	Velferdsteknologi - innkjøp og innføring i Åmli kommune 2019 - Helse og velferd	HEVE		X
19/44	23.05.2019	Rådmannens anbefaling for fremtidig organisering av NAV i kommunene Arendal, Froland, Gjerstad, Risør, Tvedstrand, Vegårshei	RÅD		X
19/45	23.05.2019	Forslag til ny samarbeidsavtale for Østre Agder brannvesen ØAVB	RÅD		X
19/46	23.05.2019	Rosanalyse og enkel dimensjonering ØAVB	RÅD		X
19/47	23.05.2019	Forslag til ny betalingsmodell for Østre Agder brannvesen ØAVB	RÅD		X
19/48	23.05.2019	Godkjenning av Åmli kommune si årsmelding 2018	STAB		X
19/49	23.05.2019	Godkjenning av rekneskapen for Åmli kommune 2018	STAB		X
19/50	23.05.2019	Forespurnad/interpellasjon			
19/51	23.05.2019	Spørsmål og svar			
<b>Nytt sak-/arkivsystem tas i bruk frå 01.06.2019 - resulterer i litt annerledes nummerering</b>					
	20.06.2019	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
	20.06.2019	Orienteringssaker			
	20.06.2019	Delegerte vedtak			
19/52	20.06.2019	Områdeplan og reguleringsplan Simonstad næringspark - utsettelse av frist for ferdigstillelse	SAMF		X
19/53	20.06.2019	Bruk av førkjøpsrett til aksjeposter i Åmli Veksthus AS og salg av kommunens aksjer i samme selskap	SAMF		X
19/54	20.06.2019	Godkjenning av høringsutkast for arealdel til kommuneplan 2019 – 2031	SAMF		X
19/55	20.06.2019	Godkjenning av nye vedtekter for dei kommunale barnehagane i Åmli	OPPV		X
19/56	20.06.2019	Framlegg til nye vedtekter for SFO	OPPV		X
19/57	20.06.2019	Budsjettsregulering 1. tærtial 2019	STAB		X
19/58	20.06.2019	Rekruttere og beholde sykepleiere i helse og omsorg	HEVE		X
	20.06.2019	Meldingssaker			
	05.09.2020	Godkjenning av protokoll frå førre møte			
	05.09.2020	Godkjenning av innkalling			
	05.09.2020	Godkjenning av sakskart			
	05.09.2020	Referatsaker			
	05.09.2020	Delegerte saker			

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
19/59	05.09.2020	Nasjonal ramme for vindkraft på land - høyningsuttale.	SAMF		X
19/60	05.09.2020	Konsesjonssøknad frå Rolf Harstveit på Åmland "Der Nord" gnr 22 bn1 , jfr. revisert avtale 05.11.2018.	SAMF		X
19/61	05.09.2020	Godkjenning av reguleringsplan Gaupeli hytteområde - gnr 11 bnr 8	SAMF		X
19/62	05.09.2020	Godkjenning av høringsutkast til kommuneplan 2019 - 2031	SAMF		X
19/63	05.09.2020	Utredning av selvkost for vann og avløp.	SAMF		X
19/64	05.09.2020	Innføring av web-overføring av møter i folkevalgte organ	STAB		X
19/65	05.09.2020	Revisjon av reglement for godtgjørelse til kommunale folkevalgte	STAB		X
19/66	05.09.2020	Revisjon av retningslinjer for Åmli ungdomsråd	STAB		X
19/67	05.09.2020	Rapport etter varsel om kritikkverdige forhold	RÅD		X
	05.09.2020	Interpellasjoner			
	05.09.2020	Meldinger			
	05.09.2020	Spørsmål og svar			
<b>NYTT KOMMUNESTYRE 2019-2023:</b>					
	10.10.2019	Godkjenning av innkalling			
	10.10.2019	Godkjenning av sakskart			
19/68	10.10.2019	Kommunestyrevalget 2019 – godkjenning av valgresultat	STAB		X
19/69	10.10.2019	Valg av formannskap for perioden 2019-2023	STAB		X
19/70	10.10.2019	Valg av ordfører for perioden 2019 - 2023	STAB		X
19/71	10.10.2019	Valg av varaordfører for perioden 2019 - 2023	STAB		X
19/72	10.10.2019	Valg av kontrollutvalg for perioden 2019 - 2023	STAB		X
19/73	10.10.2019	Valg av planutvalg etter plan- og bygningsloven for perioden 2019 - 2023	STAB		X
19/74	10.10.2019	Valg av arbeidsgiverrepresentanter til administrasjonsutvalget for perioden 2019 - 2023	STAB		X
19/75	10.10.2019	Valg av valgstyre for perioden 2019 - 2023	STAB		X
19/76	10.10.2019	Valg av representanter til rådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne (REF) for perioden 2019 - 2023	STAB		X
19/77	10.10.2019	Valg av politiske medlemmer til den faste plan- og byggekomiteen for perioden 2019 - 2023	STAB		X
19/78	10.10.2019	Valg av forhandlingsutvalg for perioden 2019 - 2023	STAB		X
19/79	10.10.2019	Valg av valgnemnd for perioden 2019 - 2023	STAB		X
19/80	10.10.2019	Valg av representant og vararepresentant for Agder Energi AS for perioden 2019 - 2023	STAB		X
19/81	10.10.2019	Valg av representant og vararepresentant til KS sitt Fylkesmøte for 2019 - 2023	STAB		X
19/82	10.10.2019	Valg av representant og vararepresentant til styret og årsmøte til Friluftsrådet Sør for perioden 2019 - 2023	STAB		X
19/83	10.10.2019	Valg av medlem til representantskapet - konsesjonskraft IKS for 2019 - 2023	STAB		X
	31.10.2019	Godkjenning av innkalling			
	31.10.2019	Godkjenning av sakskart			
	31.10.2019	Referatsaker			
	31.10.2019	Delegerete saker			
19/84	31.10.2019	Handlingsprogram for heiplanen 2020-2024 - høyningsuttale	SAMF		X
19/85	31.10.2019	Framlegg til endring av stadnamn i samband med turkart Åmli Øst og Åmli Vest	SAMF		X
19/86	31.10.2019	Støtte til nærbutikkene i Åmli for å utføre hjemmehjelptjenester	SAMF		X
19/87	31.10.2019	Salg av ordinære utleieboliger	SAMF	X	

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
19/88	31.10.2019	Transport av utbyggingsavtale for Negardskleiva	SAMF	X	
19/89	31.10.2019	Krav om lovlighekskontroll av kommunestyrevedtak 2019/69 - Valg av formannskap for 2019-2023	STAB		X
19/90	31.10.2019	Ungdomsrådet - valg av 2 representanter og 1 vara fra aldersgruppen 16-18 år for 2019-2021	STAB		X
19/91	31.10.2019	Valg av representanter til rådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne (REF) for perioden 2019 - 2023	STAB	X	
19/92	31.10.2019	Inntreden av nye eiere i Agder og Telemark Kontrollutvalgssekretariat IKS	RÅD		X
19/93	31.10.2019	Valg av representanter til IATA for perioden 2019 - 2023	RÅD		X
19/94	31.10.2019	Valg av representant til utmarkkommunenes sammenslutning for perioden 2019 - 2023	RÅD		X
19/95	31.10.2019	Valg av representant til Setesdal Austhei Villreinnemnd for perioden 2019 - 2023	RÅD		X
19/96	31.10.2019	Valg av kommunal representant til styre for stiftelsen Åmli Bygdetun (Gränheia) for perioden 2019 -2023	RÅD		X
19/97	31.10.2019	Valg av representant til styre for Åmli Næringsbygg AS for perioden 2019 - 2023	RÅD		X
19/98	31.10.2019	Valg av representant til styre for Åmli Næringsbygg AS for perioden 2019 - 2023	RÅD		X
19/99	31.10.2019	Valg av representanter for kirkelig fellesråd for perioden 2019 - 2023	RÅD		X
19/100	31.10.2019	Valg av skjønnsmenn for perioden 2019 - 2023	RÅD		X
19/101	31.10.2019	Budsjettregulering 2. tertial 2019	STAB		X
19/102	31.10.2019	Nytt valg av formannskap for perioden 2019-2023	STAB		X
	31.10.2019	Spørsmål og svar			
	07.11.2019	Orienteringsmøte budsjett – ingen saker			
	28.11.2019	Godkjenning av innkalling			
	28.11.2019	Godkjenning av sakskart			
	28.11.2019	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
	28.11.2019	Referatsaker			
	28.11.2019	Delegerte saker			
19/103	28.11.2019	Valg av representant til styringsgruppe for kalking av Tovdalsvassdraget for perioden 2019 - 2023	RÅD		X
19/104	28.11.2019	Valg av representant for kalking av Arendalsvassdraget for perioden 2019 - 2023	RÅD		X
19/105	28.11.2019	Valg av representant til styret for Proflex AS for perioden 2019 - 2023	RÅD		X
19/106	28.11.2019	Valg av representant til styret for legevakttssamarbeid for perioden 2019 - 2023	RÅD		X
19/107	28.11.2019	Valg av representant til samarbeidsutvalget for Åmli barnehager i perioden 2019 - 2023	RÅD		X
19/108	28.11.2019	Valg av representanter til samarbeidsutvalget for skolene i Åmli	RÅD		X
19/109	28.11.2019	Valg av kommunal representant til styret i stiftelsen Koppsåna for perioden 2019 - 2023	RÅD		X
19/110	28.11.2019	Oppnevning av kommunalt medlem i oppnevningutvalget i konfliktrådet i Agder for perioden 2019 - 2023	RÅD		X
19/111	28.11.2019	Valg av kommunal representant til styret i Frivillighetssentralen for perioden 2019 - 2023	RÅD		X
19/112	28.11.2019	Valg av representant til Aust-Agder museum og Arkiv (Kuben) for perioden 20109 - 2023	RÅD		X
19/113	28.11.2019	Valg av sakkyndig nemnd - eiendomsskatt	RÅD		X
19/114	28.11.2019	Valg av sakkyndig klagenemnd eiendomsskatt for perioden 2019 - 2023	RÅD		X

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
19/115	28.11.2019	Endring i selskapsavtalen og tilhørende samarbeidsavtale for Aust-Agder museum og arkiv IKS som følge av sammenslåing av agderfylkene	RÅD		X
19/116	28.11.2019	Fargerik fest - historisk oversikt - videre drift	OPPV		X
19/117	28.11.2019	Revisjon av selskapsavtale- Konsesjonskraft IKS	RÅD		X
	28.11.2019	Spørsmål og svar			
	19.12.2019	Godkjenning av innkalling			
	19.12.2019	Godkjenning av sakskart			
	19.12.2019	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
	19.12.2019	Referatsaker			
	19.12.2019	Delegerete saker			
19/118	19.12.2019	Godkjenning av møteplan for politiske møter 2020	STAB		X
19/119	19.12.2019	Valg av ungdomsråd for perioden 2019-2021	STAB		X
19/120	19.12.2019	Organisering av 17. mai i Åmli sentrum	SAMF		X
19/121	19.12.2019	Framlegg til endring av stadnamn i samband med turkart Åmli Øst og Åmli Vest	SAMF		X
19/122	19.12.2019	Revisjon av plan for idrett og fysisk aktivitet i Åmli kommune 2020-2024	SAMF		X
19/123	19.12.2019	Spelemidlar 2020 - prioritering frå Åmli kommune	SAMF		X
19/124	19.12.2019	Søknad om konsesjon på grn 36 brn 1 Gjøvland	SAMF		X
19/125	19.12.2019	Økt bemanning 60% helg - tjeneste for funksjonshemmede	HARE		X
19/126	19.12.2019	Gjennomgang av organisering og ressursbruk helse og omsorg	HEVE	X	
19/127	19.12.2019	Ergoterapeut - ny opprettet stilling fra 01.01.2020 i 60% stilling	HEVE		X
19/128	19.12.2019	Vidareføring av kommunalt tilskot til nydyrkning for perioden 2020 -2023	SAMF		X
19/129	19.12.2019	Gebyr for renovasjon 2020	SAMF		X
19/130	19.12.2019	Gebyr for feiertjenesten 2020	SAMF		X
19/131	19.12.2019	Gebyr for vann og avløp 2020	SAMF		X
19/132	19.12.2019	Gebyregrulativ for Plan- og Byggesaksbehandling 2020	SAMF		X
19/133	19.12.2019	Nytt Høgdebasseng Børtinghus	SAMF	X	
19/134	19.12.2019	Tilstandsvurdering og rehabiliteringsplan Åmli renseanlegg.	SAMF	X	
19/135	19.12.2019	Uteområdet Åmli skule og DOS	SAMF	X	
19/136	19.12.2019	Nærmiljøanlegg i kommunale boligfelt	SAMF	X	
19/137	19.12.2019	Ombygging og rehabilitering av ÅPOS prisstigning 2019	SAMF		X
19/138	19.12.2019	Utredning av tiltak for myke trafikanter på Simonstad	SAMF	X	
19/139	19.12.2019	Kjøp av grunn næringsområde Simonstad	SAMF	X	
19/140	19.12.2019	Fastsetting av skatteprosent på inntekt og formue for 2020	STAB		X
19/141	19.12.2019	Eigedomsskatt 2020	STAB		X
19/142	19.12.2019	Handlingsprogram og økonomiplan 2020-2023 - Årsbudsjett 2020	STAB		X

**TILTAKSOVERSIKT MED STATUS**

Nr.	TILTAK	UNDER BEHANDLING	AVSLUTTA
<b>Rådmannens stab</b>			
3	Deponering elektronisk arkiv		X
5	Politisk aktivitet		X
<b>Enhet for oppvekst</b>			
7	Vaksenopplæring - reduksjon		X
9	Reduksjon 24 rammertimar i skulen		X
<b>Enhet for helse og omsorg</b>			
22	Auke av eigenbetaling		X
24	Avvikling av turnuslege		X
<b>Enhet for habilitering og ressurs</b>			
30	Overføring av stilling til samfunn 50 % aktivitetsplikt NAV		X
31	Tenestearansvarlig - tenesta for funksjonshemma		X
<b>Enhet for samfunn</b>			
32	Midlertidig prosjektstilling prosjektoppfølging 2 år	X	
33	Kommuneplan	X	
34	Jernbane til Jordøya	X	
35	Prioritert liste for anskaffelser til driftsteam		X
36	Fortau Nergardskleiva til Åmli skule	X	
38	Ombygging rehabilitering ÅPOS	x	
40	Garasje brannstasjon - tilleggsbevilingning		X
42	Tilskot til lag og organisasjoner		X
43	Tilskot til løypekøyring		X
44	Reduksjon 50 % renholder		X
47	Oppgradering Gjøv VV		X
<b>Kirkelig fellesråd</b>			
55	Restaurering og måling av Gjøvdal kyrkje		X
<b>Skatt, overføringer, renter og avdrag</b>			
	Ingen		
<b>Nye tiltak med økonomisk verknad vedtatt av kommunestyret</b>			
	Infoside Åmliavisa		X
	Annonsering Åmliavisa		X
	Budsjettforlik KrF, H, V og FrP		X

## Rådmannens stab

### ORGANISERING

Tenesteområdet omfattar dei sentrale støtte- og stabsfunksjonane.

Dette omfattar mellom anna politisk sekretariat, valarbeid, informasjons- og arkivteneste, heimeside, facebook og ansattportal, økonomiforvaltning, personaladministrasjon, overordna HMSK/internkontroll og beredskapsarbeid, IKT, sal- og skjenkesaker etter alkohollova og saker etter serveringslova m.m.

Folkehelsekoordinator er også i rådmannens stab. Frå 2018 blei 50% økonomistilling overført frå Samfunn til Rådmannens sin stab.

### OVERORDNA MÅL

Rådmannen sin stab skal på overordna nivå bidra til at einingene når sine mål i høve til økonomistyring og koordinering, personalpolitikk, HSK og beredskapsarbeid og mellom anna at kommunen har på plass system i høve til arkivlova. Elles at kommunen følgjer opp krav i lov og forskrift på dei same områda.

Overordna mål er ivaretatt i 2019.

### FOKUSOMRÅDE

Fokusområda lista opp under er ivaretatt i 2019. Sjå også kommentarar under dei einskilde punkt.

Tilsette i rådmannen sin stab har bruka mykje tid på arbeid i prosjektgrupper og førebu nye datasystem og rutinar frå 1.1.2020. Frå 2020 vil alle kommunar i IKT-Agder samarbeidet ha den same programvare. Dette har vore ei krevjande oppgåve på få tilsette i staben og arbeidet vil også halde fram i 1. halvår 2020.

Viktige fokusområde i 2019 har vore:

- Nærvær/sjukefråversoppfølging
- Ajourføring av planar i høve til beredskap og førebuing til øving av kriseleiinga i regi av Fylkesmannen.
- Revisjon av reglement og retningslinjer
- Oppretta arbeidsgruppe i høve til lokale folkehelseutfordringar, oversiktbilete og prioritering av lokale tiltak

- Opplæring i HSK og avvikshåndtering (QM+)
- Informasjonstryggleik
- Sommarjobb for skuleungdom

Fleire av fokusområda som er nemnt ovanfor er kommentert i kapitel om «Kommunen som verksemd» då dette er fokusområde som gjeld heile eller ein større del av kommunen.

- Koordinering av overordna økonomioppgåver som rekeskapsavslutning, budsjettprosessen (årsbudsjett og økonomiplan) og budsjettregulering.  
Dette er viktige og store prosessar for å sikre at Åmli kommune har god økonomistyring. Arbeidet koordinerast av økonomisjefen
- Koordinere og gjennomføre årlege lønsforhandlinger og drøftingar/forhandlingar innan personalområdet med unntak av leiarforhandlingar (HTA kap. 3)  
Koordinerast av leiar for rådmannens stab og rådmann
- Ros analyser i alle einingar.  
HSK/beredskapsrådgjevar har laga malar og bistått einingane. Det er framleis nokon einingar som ikkje har gjennomført dette.
- Revisjon av beredskapsplanar i alle einingane. HSK/beredskapsrådgjevar har laga malar og bistått einingane.
- Utarbeide oversikter på kommunen sine helseutfordringar

Kommunen skal ha «oversikt over helsetilstanden i befolkningen og faktorer som kan virke positivt og negativt på denne», jf. Folkehelselova § 5.

### ØKONOMI

Driftsbudsjett for rådmannen sin stab blei vedteke med ei ramme på totalt 18.762.168,- kr. (revidert budsjett)

Totalt er det eit mindreforbruk på 402.131,- (2,14%).

## Samfunn

### ORGANISERING

Samfunn er i hovudsak organisert i team. Reinhardtsteamet, drifts- og vedlikehaldsteamet, ingeniørteamet og rådgjevarteamet. Ingeniørteamet omfattar kart- og oppmåling, plan- og byggesak, senioringeniør tekniske fag og prosjektleiar bygg. Rådgjevarteamet består av kulturrådgjevar, landbruksrådgjevarane og næringsrådgjevar. I tillegg ligg biblioteket og bygdebokforfattar til Samfunn.

### REINHARDT

Golvprosjekt er gjennomført i 2019 med gode resultat og blir vidareført i 2020. Stillingsprosent på maskinhandsaming av golv blir oppretthalde då arbeidet blir effektivisert med denne metoden. Vi har som følgje av dette prosjektet ikkje hatt oppskuringsarbeid i 2019, som er ein arbeidskrevjande prosess

### TEKNISK FAGOMRÅDE

I løpet av 2019 var det berre registrert ein vasslekkasje på det kommunale vassleidningsnettet. Det var ein lekkasje i Åmli sentrum. Det eine leidningsbrote i Åmli sentrum var på fordelingsnett i Århuskleiva.

Det har vore gode resultat på vassprøvane frå dei kommunale vassverka i 2019.

Ein har gjennomført spycling av leidningsnett på Dølemo og Nelaug våren 2019.

Ein har gjennomført oppgradering av Gjøv VV i samsvar med plan om nye frekvensomformarar, PLS og programvare. For Nelaug VV blei det gjennomført eit forprosjekt for ny råvassbehandling på vassverket i samsvar med plan.

Ein har utført nødvendig lapping av asfaltdekke på kommunale vegar i Åmli sentrum.

På dei kommunale grusvegane har ein utført nødvendig påkjøring av grus, skraping og utkjøring av støvbindemidel i samsvar med driftsbudsjett.

Statens Vegvesen har overtatt driftsansvaret for dei siste veglyspunktane langs Rv 41 som går forbi Åmli sentrum.

Det blei søkt om tilskott til eit tiltak i samsvar med den kommunale Trafikksikringsplanen for Åmli kommune i 2019. Dette var veglys på strekningen Åmfoss bru til Hegna. Åmli kommune fekk støtte frå Aust – Agder Fylkeskommune til å ferdigstille tiltaket i 2020.

Det blei kjøpt inn to nye bilar til Drifts- teamet i 2019. Den eine bilen blei kjøpt til drift av kyrkjegardar og den andre til byggvedlikehald i samsvar med tiltak.

Teknisk vakt og Drifts- og vedlikehaldsteamet har vore viktige bidragsytarar igjennom året med å ta ansvar for ulike hendingar på kommunale bygningar og anlegg.

### KOMMUNALE BYGGEPROSJEKT

#### Tur- og sykkelløype Åmli –Treungen.

Det blei sett i gang opparbeiding av ny tur- og sykkelløype mellom Åmli sentrum og Telemark grense i 2018 og dette arbeidet blei ferdigstilt i 2019, i alt 20,8 km i Åmli kommune. Sykkelløypa er vidareført av Nissedal kommune fram til Treungen sentrum.

I Åmli følgjer løypa dels gamal fylkesveg og gamal jernbanegrunn frå Kateråsvegen – Øy.

Totalentreprenør var Knut Haugsjå AS, Treungen.

Kostnadsramme totalt 5,4 mill. kroner inkl. mva.

Det blei gitt tilsegn om spelemidlar på 1,0 mill kroner til prosjektet.

#### Ny garasje Brannstasjon.

Det er oppført ein ny isolert garasje på ca. 120 m<sup>2</sup> til bruk for ØABV avdeling Åmli.

Totalentreprenør var Mesterhus AS.

Kostnadsramme ca. 1,6 mill.

#### Ombygging av Helsehuset.

Det blei gjennomført ein større ombygging av Helsehuset i Åmli sentrum. Dette for å få eit moderne helsehus som er tilpassa dagens behov.

Totalentreprenør var Mesterbygg AS

Kostnadsramme ca. 12,6 mill

### PLAN- OG BYGGESEAK

Det har blitt gjennomført rullering av kommuneplanen i Åmli, med ny plan gjeldande for 2019 - 2031.

Samfunnssdelen er laga heilt på nytt med mål for kommunen samla og for kvar tenesteining. Det vart lagt vekt på ein brei og open prosess, med folkemøte i sentrum og grendane, arbeidsmøter med alle tenesteeiningane og med kommunestyret, for å sikre god forankring og medverking til planen. Dei nye måla er brote ned til årsmål/tiltak for einingane for implementering av planen.

Arealdelen er oppdatera for faktiske endringar i arealbruken sidan sist revisjon, opprettning av logiske

feil og manglar i tekst, tabellar og plankart. Hovudendringane knytt til nye verneområde og flaumsoner for deler av Tovdalsvassdraget og Nidelva.



Folkemøte på Nelaug om ny kommuneplan

## KART OG OPPMÅLING

Det har vore arbeidd med føljande oppgåver innan kart og oppmåling.

- **Ordinær oppmåling** – Frå mai til Desember 2019 var eit år med forholdsvis liten aktivitet på ordinære delingssaker. Normal aktivitet på grensemåling og justering.
- **Infoland** – stor aktivitet på leveransar til meklerar i 2019 med over 40 leveransar.
- **Leidningkart** - Innmåling og ajourføring av leidningkart (VA-kart) har halde fram i året. Leidningkart for Nelaug, Dølemo og Jordøya er nokså komplett. Det same gjeld vestsida og Århuskleiva i Åmli sentrum. Arbeidet med registrering /oppmåling held fram i 2020 (sentrum og Lillemo).
- **Kommune/regionreforma** – Oppmålingskontoret hadde fleire kartrelaterte oppgåver i samband med innføring av nytt kommunenummer 1.januar 2020.
- **Kulturminneplan** – Oppmålingskontoret har registrert og kartfesta ulike kulturminner i samband med kulturminneplanen.
- **Planbase** – Samlebase for reguleringsplaner i kommunen er produsert og tilrettelagt i kommunens kartverk.
- **Kommuneplan** – Arealdelen for kommuneplan 2019 -2031 er revidert og tilrettelagt i kommunens kartverk og på kommunens heimeside.
- **Topp 20** – Kart til toppturane er oppdatert/revidert.
- **Fortau i Negardskleiva** – Oppfølging av prosjektet med nytt fortau og VA anlegg.

- **Tomtesalg** – Sal av bustadtomter i kommunale felt – tre tomter i 2019.
- **Diverse matrikkelarbeid** – Føring av konsesjonsfriflik, føring av jordskiftesaker, oppmåling av nydyrkning med innlegging i matrikkelen og byggregistrering (tiltaksbase). I tillegg arbeid med generell kvalitetshøving av matrikkelen i samarbeid med Kartverket.

## SKOGBRUK

For skogbruket var 2019 eit år med høg aktivitet. Dei viktigaste måla som blir arbeidd mot endrar seg lite frå det eine året til det andre:

- Etablere tette og jamne foryngingar og deretter følge dei opp.
- Ruste opp eller bygge om delar av skogsbiilvegnettet som ikkje er dimensjonert for dagens og framtidas krav til effektiv tømmertransport.
- Opplæring og kurs for skogeigarar og andre som arbeider med skogbruk.
- Innarbeide nye målretta tiltak slik som tynning og markberedning og følge dei opp saman med det som tidlegare er sett i gang.

## JORDBRUK

44 føretak har eit produksjonsomfang som gjer dei berettiga til produksjonstilskot i jordbruket.

38 av desse har husdyrhald (inkl. bigardar) og 6 har reine planteproduksjonar.

22 daa er godkjent for nydyrkning i 2019. 4 gardsbruk fekk løyvd kommunalt tilskot til nydyrkning etter fastsett regelverk, til saman 100 daa. 3 av desse fekk godkjend arealet i 2018.

Det er løyvd midlar frå årleg overført ramme til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) til 5 prosjekt, 3 av desse gjeld verneverdige bygningar og 2 kulturlandskap. Det er utarbeidd lokale retningsliner for bruk av desse midla.

I Åmli kommune er fleire område klassifisert som verdifulle kulturlandskap i Regionalt miljøprogram. 16 føretak har søkt midlar frå denne ordninga.

Det blei løyvd tilskot frå Innovasjon Norge til 5 prosjekt: 2 etablerartilskot, 1 ideavklaring og 3 investeringstilskot; til saman kr 440.000.

Åmli kommune har det administrative ansvaret for veterinæravtordninga i veterinærdistrikta Holt og Nedenes, dei omfattar 10 kommunar.

## REISELIV

Brosjyrebytte for handels – og reiselivsnæring blei gjennomført i mai.

Nærbutikkane fekk kommunalt tilskot på kr 10.000 kvar for sin funksjon som turistinformasjon.

Turistinformasjon er elles på Elvarheim og på Åmli rådhus i opningstidene desse stadene. Det er oppdatert Turistinformasjon på Åmli kommune si heimeside. I samarbeid med Visit Sørlandet (USUS) blir det arbeidd med ei ny nettside for turistinformasjon som knytta til Åmli kommune si nettside.

Eit tett samarbeid mellom kultur og reiseliv er avgjerande for tilretteliggjering med oppbygging av lokale attraksjonar. Åmli kommune er også medlem av Åmli turistforum.

Det interkommunale samarbeidet i Telemarksvegen held fram. 40 bedrifter fra Birkenes til Seljord er med eit felles marknadssamarbeid gjennom brosjyre, nettside og profilering på facebook. 8 bedrifter i Åmli er med i samarbeidet.

Ny nettside er under utvikling i samarbeid med Visit Telemark. Forprosjektet Telemarksvegen som opplevelsesveg er i sluttfasen og vil bli fullført i 2020.

## NÆRING

Det blei gjennomført ein undersøking blant bedriftene i Østre Agder om kor nøgde dei var med næringsarbeidet i kommunane. Her viste det seg at mindre kommunar generelt fekk betre tilbakemelding enn dei større. Åmli var nest best i samla score av totalt 9 kommunar. Av tilbakemeldingar var ynskje for bedriftene aller sterkest for å legge til rette for auka bustadbygging i kommunen.

Til saman 7 bedrifter i Åmli fekk tilskot gjennom regionalt næringsfond. 5 av desse var oppstartbedrifter, og samla fekk dei 608.250 kr frå fondet. Kommunen har samkjørt støtte gjennom Innovasjon Norge til bedriftene i Åmli gjennom risikolån og andre ordningar.

Kommunen har jobba tett saman med den statlege ordninga for nærbutikkar (Merkur), og har gitt uttale om støtte for deira søknader sentralt. Kommunen vedtok ei prøveordning, med å bruke lokalbutikkane til utkjøring av varer for heimehjelptenesta, mot 10.000 i støtte til kvar butikk.

Kommunen har jobba aktivt inn mot Østre Agder Regionråd - næringsnettverk, og det er brei tilslutning til kommunens interkommunale satsing m.a. på Jordøya. Pågang Næringshage (tidlegare Sørlandsporten Næringshage) har saman med Åmli kommune etablert regelmessig rettleiing av fleire

bedrifter i Åmli, for oppstart og bedriftsutvikling. Arbeidet er støttet med inntil 75% av offentlege midlar.

For tiltak på Jordøya/Simonstad knytt til Biozin er det gjennomført grovprosjefting av nytt jernbanespør, som grunnlag for å søke 50% støtte frå Bane NOR for kostnadane. Det tett dialog med planleia i Bane NOR som har storfesta at dei vil oppgradere lina frå Nelaug til Simonstad, samt arbeide inn støtte til det nye sidesporet på Jordøya i statsbudsjettet. Arbeidet med å prosjektere ny jernbanetrase er gjort saman med Bergene Holm og Biozin for å sikre at deira behov er tatt vare på. Kommunen har månadlege møte med leiinga i Biozin for å planlegge communal infrastruktur og tiltak i takt med utviklinga på biodrivstoff-fabrikken. Det vart gjennomført leverandørsmøte og folkemøte kring Biozin på Åmli rådhus i mars 2019, med rundt 150 samla frammøtte.



Reidar Saga (ordførar), Johan Mørland (fabrikksdirektør Nidarå), Thomas Skadal (administrerande direktør Biozin Holding AS), Erlend Løkken (administrerande direktør Bergene Holm AS). Foto: Tvedestrandsposten

Daglig leder for Jordøya Tomteutvikling er skifta frå Tarjei Retterholt til Yngve Ramse Trædal. Selskapet har ansvar for detaljprosjefting og bygging av tomt til Biozin, planlagt 2021.

Det er etablert et ringverknadsprosjekt kalla «Stubbe til tank» som skal legge til rette for knoppskyting, vurdere flaskehalsar på veg/bane, auke tilgang på lokal bioråvirke og sikre høg del av kontraktar til leverandørindustri på Agder. Prosjektet er støttet med 2 millionar kroner frå Agder Fylkeskommune og 200.000 kr frå Innovasjon Norge. I tillegg er det søkt om ytterlegare 600.000 kr i klimasatsmidlar frå Miljødirektoratet. Arbeidet er tett forankra med industrien og fylket, og vil bli sett mobilisert når Biozin er i gang med detaljprosjefting for fabrikken, planlagt hausten 2020.

Det er utarbeidd planforlag til nytt næringsområde på Simonstad, som og ser på vegløysing lokalt. På Engenes næringsområde har det vore dialog med interessenter for kjøp av tomt på Engenes, med 4 tomter som per i dag er reserverte. Sal av ei tomt og opparbeiding av denne er planlagt i 2020.

Strategi for kommunale bustader er lagt, og kommunestyret har på bakgrunn av denne vedtatt å selje tomannsbustadane i Negardskleiva og på Nelaug.

Åmli næringsforeining blei relansert og kommunen er sekretær for foreininga. Foreininga er viktig for å ha god dialog med eit samla næringsliv, i tillegg til å sikre støtte, informasjon og størst mogeleg lokale innkjøp.

Åmli kommunen inngjekk i 2019 sponsorsamarbeid med Heimover-festivalen, Dølemomarknaden og Nelaug Paintball for marknadsføring av kommunen.

## KULTUR

### Elvarheim museum

Elvarheim museum hadde ingen nye utstillingar i 2019, men fortsatt relativt høgt besøkstal på grunn av stor interesse for utstillinga «Mangfald og mote» frå 2018. Inntekter frå billettsal var dobbelt så høgt som budsjettet. Mykje av dette skuldast besøk frå grupper utanom ordinær opningstid. Opninga av sommarsesongen hadde tema ull.

Utstilinga «Mangfald og Mote» blei midlertidig tatt ned hausten 2019 pga skadedyr. Fagpersonar i ÅMa bidrog med konservering, og utstillinga blei gjenopna til bygdekvelden i november 2019. Det ble kjøpt inn ny alarm og kameraovervaking til Elvarheim, med støtte frå Kulturrådet.

Det blei jobba vidare med vandreutstillinga «Beverens reise» saman med fagpersoar i ÅMa og Universitetet i Stavanger. I juni 2019 gjennomførte Universitetet i Stavanger intervju med 11 informantar i Åmli om jakt og bever.

Det var ingen besøk frå Åmli skule i 2019. Det blei innleidd samtalar med Åmli skule om tre framtidige rullerande undervisningsopplegg for 1.-10. klasse gjennom lokal DKS. Det blei kjøpt inn klassesett av kardar, handteiner og ull til eitt av opplegga.

Det var totalt 1 737 besøkande på Elvarheim museum i 2019. Av dette var 712 betalande vaksne, 347 barn, 275 personar i grupper og 203 gratis besøkande ved arrangement o.l.

### Besøksstrategi

Fylkesmannens miljøvernnavdeling starta arbeidet med ein besøksstrategi for Åmli kommune. Kultur bidrog her saman med jordbruk/reiseliv/skogbruk. Oppstart av arbeid med mulighetsstudium for formidlingssenter skog i forlenging av besøksstrategien.

### Turkart og turguide

Friluftsrådet Sør utarbeidde turkart for Åmli kommune, og fekk innspel frå lag, foreiningar, grunneigarar og andre i Åmli. Enekite stadnamn blei endra. Det blei laga ein fyldig turguide. Kultur bidrog her saman med jordbruk/reiseliv/skogbruk.

### Sykkelveg Åmli-Treungen

Sykkelvegen mellom Åmli og Treungen blei ferdig hausten 2019. Det blei laga retningsskilt, og 29 kulturhistoriske skilt i samarbeid med Nissedal kommune, Åmli og Nissedal historielag, med støtte frå Gjensidigestiftelsen og spelemiddelordninga. Skilta blei ikkje sett opp då ein avventa godkjenning av skiltplan frå Statens Vegvesen. Planlagt opning hausten 2019 blei utsett av same grunn.

### Via Ferrata og tursti Trogfjell

Arbeidet med å bygge ny Via Ferrata i Trogfjell blei på begynt. Arbeid med å fornye tekst og innhald på Trogfjellstigen blei også starta i samarbeid med Elvarheim museum.

### Topp 9 kulturturar

Den første topp 9-turen til Rostveitplassen blei fullført i samarbeid med Åmli turistforum, med støtte frå Fylkeskommunen.

### Kulturminneplan

Tekstdelen og registreringane til kulturminneplanen blei ferdig i 2019.

### Plan for idrett og fysisk aktivitet

Plan for idrett og fysisk aktivitet blei revidert og politisk vedtatt i 2019. Planar for uteområde på skulane og leikeplassar i sentrum blei integrert i planen.

### Tilskot til lag og organisasjoner

Det blei delt ut aktivitets- og driftsstøtte, prosjektstøtte og investeringsstøtte og arragementsstøtte til 21 lag og organisasjoner. Av dei tiltaka som fekk støtte var Dristugs jubileumsbok og Åmli historielags bok «vovne skattar», Vanntårnets Venners vedlikehald av jernbanevogn, bidrag til el-piano Simonstad Sangkor og krattknusar til Dristug I.L.

## BYGDEBOK

Arbeidet med registreringsdelen til kulturminneplanen som blei avbroten i 2018 tok mesteparten av arbeidstida fram til sommarferien. Parallelt med dette blei det likevel noe tid til å systematisere stofftilfanget til dei fem gardsnumera som står igjen. Etter ferien blei det arbeidd med manus fram til ca. 1930 for gnr. 41 Risland. Samtidig arbeidde ei undergruppe i bygdeboknemnda med å samle inn opplysningar om tida etter 1930.

## ÅMLI BIBLIOTEK

2019 var Bokåret og vårt Bokårsarrangement var ein litterær samtale mellom Gaute Heivoll og Aslak Jørundland Brekke. Dette blei støtta av Nasjonalbiblioteket. Vi fekk og støtte frå Aust-Agder bibliotek og kulturformidling til innkjøp av teknisk utstyr til teleslynge. Til saman hadde biblioteket 11

arrangement, dei fleste i samarbeid med Åmli skule og Folkeakademiet i Åmli. Til saman hadde vi 398 barn og 102 vaksne på arrangementa våre. Utlånstal og besøk på biblioteket er omtrent som før. Vi ser at biblioteket fungerer fint som møteplass for ein del barn.

## ØKONOMI

Samfunn hadde eit revidert budsjett i 2019 på kr 26 018 632,-. Rekneskapet for 2019 viser eit forbruk på kr 25 889 201,- eit positivt avvik på 129 431,- som utgjer 0,5 % av totalen – eit svært godt resultat.

Budsjettet var ei vidareføring av drifta i 2018.

Det låge avviket er eit resultat av økonomisk styring med fokus på rapportering kvar månad frå tenesteområda.

## Oppvekst



Oppveksteininga hadde i 2019 oppgåver innan barnehage, skule/SFO, PP-tenesta, vaksenopplæring, flyktningteneste, helse-stasjon og skulehelsetenesta, jordmorteneste og interkommunalt barnevern. I tillegg vart det arbeidd med fleire tilhøyrande overordna prosjekt.

### BARNEHAGE

Det har vore stor søknad til barnehagane i Åmli kommune, alle som sökte fekk plass i barnehagane. Bemanningsa i barnehagane har vore i tråd med normene.

I 2019 har barnehagane arbeid med ulike tema kvar månad i tråd med rammeplanen.

Det har i 2019 blitt arbeidd godt med arbeidsmiljøet i barnehagen og sjukefråveret har vore lågt samanlikna med landssnittet.

Styrarane i barnehagane i Åmli har eit godt samarbeid og har faste møte.

Åmli er med i Østre-Agder fagutval for barnehagar, som vart oppretta i 2018.

I 2019 har barnehagane hatt felles planleggingsdagar med Ingrid Lund der tema har vore mobbing, og med Emilie Kinge med tema «barn som utfordrar oss».

Styrarane har delteke på barnehagekonferansen og BTI samling.

STYD (Stolt og Ydmyk) har vore og sett på uteområda i barnehagane. Barnehagane har gjennomført Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking med godt resultat for alle barnehagane.

### Kvello i barnehagane:

Målet med Kvello-observasjonar er at barn som har behov for ekstra utviklingsstøtte skal få hjelp så tidleg som mulig, frå barnehagen og/eller i samarbeid med PPT eller andre instansar.

Samtidig skal det hjelpe barnehagane med å arbeide meir systematisk, dvs. gje barnehagen auka kompetanse for best mogeleg å kunne sette i gong utviklingsstøttande tiltak for barnet.



### SKULEN

Skulen er med i læringsmiljøprosjektet og får rettleiing frå læringsmiljøsenteret. Skulen har og delteke på nasjonale samlingar på Gardermoen. Læringsmiljøprosjektet vert avslutta våren 2020.

I tillegg deltek skulen i Helsefremjande Skular og Barnehagar og Betre Tverrfagleg Innsats. Skuleåret 2019/2020 er det tilsett to "Aktivitører", gjennom HBS, kvar i 10%-stilling, på skulen, dette for å styrke friminuttsaktivitetane for elevane.

Skulen har arbeidd godt for å sjå samanhengen mellom dei tre ulike prosjekta ein er inne i.

Elevundersøkinga syner at arbeidet med læringsmiljø er krevjande.

Ein ser gode resultat i klasser der det er sett inn tiltak etter funn i arbeid gjennom Læringsmiljøprosjektet.

Nasjonale Prøver: Prøvene syner at mest halvparten av elevane i 5 klasse presterer på lågaste mestringsnivå i engelsk og lesing. I 9. klasse er det ingen på lågaste mestringsnivå i rekning. 86 % er på mestringsnivå 3 og 4. Ut i frå resultata kan ein lese at elevane har god utvikling i rekning i ungdomsskulen.

Skulen arbeider målretta med å betre resultata og for skuleåret 2020/2021 vil fire lærarar ta vidareutdanning i engelsk og matematikk.

Skulen har arbeidd med fagfornyinga og gjort klar for ny læreplan, som vert gjeldande frå hausten 2020. Dette har vore i arbeidd i nettverk med Tvedstrand kommune og i samarbeid med Universitetet i Agder.

Grunnskulepoenga for 2019 låg noko under fylkes og landsgjennomsnittet.

## Ungdata

Dette er ei nasjonal undersøking i regi av NOVA – Norsk institutt for forsking om oppvekst, velferd og aldring. Gjennomførast kvart anna på ungdomsskulen og på vidaregående skule. Koordinerast i Åmli av folkehelsekoordinator.

I undersøkinga i 2019 har ungdommene svara på spørsmål om alt frå forhold til venner og familie, økonomi, nerområde, trivsel, levevanar og fysisk og psykisk helse. Ungdata gjev derfor eit godt innblikk i korleis det er å vere ung. Svara gjev verdifull kunnskap om kva vi i kommunen må arbeide meir med for å sikre dei unge best mogleg levekår




## SFO

Det er mange barn som nyttar SFO-tilbodet i Åmli og Dølemo.

Det har vore meir fokus på uteaktivitetar. Vedtekten vart revidert i 2019. Det er fastsett at det vil kome ein eigen lokal rammeplan for SFO/AKS(Aktivitetskulen) i 2020

Det har vore tilbod om leksehjelp på SFO.



## HELSESTASJONEN / JORDMORTENESTE

Helsesjukepleiar har hatt faste konsultasjonar for barn før skulealder og for oppfølging i skole med fysisk, psykisk og sosial helse. Helsestasjon for ungdom kvar veke. Det har vore tverrfaglig samarbeid i form av ressursteam og ansvarsgrupper.

Helsestasjonen har utarbeidd handlingsrettleiar for Betre Tverrfagleg Innsats.

Åmli er med i «Tidleg Inn», saman med kommunane i øst-regionen. Tidlig Inn er eit opplæringsprogram for tilsette i arbeid med gravide og småbarnsforeldre.

Jordmortenesta: I 2019 vart det fødd 21 i Åmli kommune. Alle desse har gått til jordmor under graviditeten.

## FLYKTNINGTENESTA

I 2019 vart det ikkje busett nye flyktingar i kommunen. Dei fleste av flyktingane er ferdige med introduksjonsprogrammet, som er opplæring i norsk, samfunnuskunnskap og språkpraksis på ulike arbeidsplassar. Flyktingtenesta har fylgt opp deltakarane innanfor 5-årsperioden med helse, skule og arbeid. NAV har vore ein viktig samarbeidspart for å finne gode løysingar. Det har blitt brukt tolketeneste der kommunen har hatt behov for dette.



## VAKSENOPPLÆRING

Vaksenopplæringa har i 2019 halde til på Åmli Vidaregåande Skule. Vaksenopplæringa i Åmli har i 2019 hatt kurs i norsk og samfunnuskunnskap for elevar med rett og plikt til dette, og undervising av elevar med rett til vedlikehald av tidligare grunnskulekompetanse.

Det var 14 elevar frå fire ulike nasjonar på vaksenopplæringa i 2019.

Vaksenopplæringa har hatt undervisning og vore ute i norsk- og arbeidspraksis.

Det vart gjennomført norskprøver og samfunnskunnskapsprøver i mai og november. Samfunnskunnskapsprøva vart gjennomført i august. Vaksenopplæringa har kjøpt grunnskuleplassar frå Arendal Vaksenopplæring.

## KULTURSKULEN

Åmli kulturskule hadde ved utgangen av 2019 68 elevplassar, musikk (44) og visuell kunst (24). Dette var ein nedgang på 37 elevplassar frå 2018, då det var 105 elevplassar. Det var ikkje tilbod om dans og drama i kulturskulen.

Det var planlagt ei teaterframsyning våren 2019. Denne blei avlyst på grunn av sjukdom.

Det var fire tilsette lærarar i kulturskulen hausten 2019, tre på musikk og ein på kunst.

Det starta opp to nye gruppetilbod: Musikkstart og band.

Felelæraren gjekk av med pensjon sommaren 2019, og det blei kjøpt inn timer frå kulturskolen øst i Agder f.o.m. hausten 2019. Ein lærar var i fødselspermisjon og to under etterutdanning i 2019.

Det blei kjøpt inn Speedadmin fagsystem i kulturskulen. Dette har letta administrasjonen, men førte til mykje ekstraarbeid ved oppstart.

Arbeidet med kulturskuleplan blei ikkje iverksett på grunn av ressursmangel.



## LOS/SLT:

Prosjektleiaren har i 2019 hatt 100 % fast stilling. Losen har hatt som føremål følgje opp ungdom slik at flest mogeleg skal klare å gjennomføre vidaregåande skule. I tillegg til individuell oppfølging av utvalde ungdommar på kontrakt så har losen tett samarbeid med vidaregåande skular, NAV og oppfølgingstenesta.

Det er for mange som ikkje fullfører vidaregåande utdanning. Arbeidet som har vore utført i 2019, og nyare statistikk har gitt indikasjonar på at fråfallet i det komande ser ut til å minske.


Ungdomsarbeid har vore utført av los i 20% av stillinga på kveldstid. Dette sett opp i mot rus og kriminalitetsførebygging i SLT-modellen. Utleiga av Oasen/hallen har blitt utført av LOS-en

Los starta hausten 2019 som sekretær for ungdomsrådet.

Los har også vore initiativtakar og organisator for den nye frivillige ungdomsklubben som blir arrangert annankvar fredag.

Det vert halde eit SLT-møte kvar månad i Åmli. Deltakarar er rektor ved Åmli skule, politikontakt, barnevern og rus/psykiatri.

Det vert og halde regionale slt-møte og årlege slt-samlingar samt at slt-koordinator deltar på politiets kriminalitetsførebyggjande forum PKF.



## PROSJEKT

### Gratis fritidsaktivitet for barn og unge

Kulturrådgivar har hatt hovudansvar for gjennomføring av gratis fritidsaktivitet. Våren 2019 tok 58 barn i alderen 3.-7. klasse imot

tilbod om gratis fritidsaktivitet. Hausten 2019 tok 67 barn i alderen 3.-7. klasse imot tilbodet.

Tilbodet er universelt og når mange. Det har fått god tilbakemelding både frå brukarane og frå andre kommunar.



## Nasjonal tilskotsordning for inkludering av barn og unge

I dette prosjektet ligg;

Kulturkarusellen for 1.-3.klasse.


Ein gratis ferieaktivitet for familie (I 2019 var det busstur til Den lille dyrehagen og Pipo leikeland)

Ein gratis ferieaktivitet for barn/unge ( 2019 var det busstur til Evje mineral og klatrepark).

Udstyrsbanken (ski, skeiser, syklar, hengekøyer, telt og anna turutstyr)

Tilboda har vore godt motteke.

leggje til rette for gode og inkluderande aktivitetar i friminutta.



## BTI (Betre tverrfagleg innsats)

BTI er eit av fire hovudsatsingsområde i folkehelseprogrammet i Agder. Kommunen fekk i 2019 kr. 200 000,- til BTI-arbeidet. Midla er brukt til kompetanseheving av personalet, samt løn til prosjektleiar. BTI har tett samarbeid med prosjektet «På felles vei – helsefremjande barnehaga og skular». Kommunen er i slutfasa av prosjektet og skal innan 2021 ha prosjektet implementert i tenestene.



## HBS (Helsefremjande barnehagar og skular)

HBS er eit anna av fire hovudsatsingsområde i folkehelseprogrammet i Agder som Åmli kommune er med i. Tiltaka for Åmli er relasjonskompetanse og inkluderande og gode utedmiljø. I 2019 blei utedmiljøet i alle barnehagane og skulane kartlagt av STYD (Stolt og Ydmyk) og det har blitt arbeidd med å følgje opp resultatata frå kartlegginga. Alle tilsette i barnehagane og i skulen har delteke på ein planleggingsdag med tema «Barn som utfordrar oss», med fokus på den vaksne si rolle. I skulen har kommunepsykologen halde utviklingsøkter med relasjonskompetanse som tema.

Skuleåret 2019/2020 er det tilsett to "Aktivitører", kvar i 10%-stilling, på skulen. Dei har som oppgåve å

## Grønt Kompetansesenter Sør (GKS)

Fylkestinget løyvde i desember 2018 to-millionar kroner til å støtte Åmli sitt arbeid med etablering av et Grønt Kompetansesenter Sør. Denne løyvinga var ein konsekvens av arbeidet i prosjektet «Etterbruk Åmli VG-skule».

Grønt Kompetansesenter Sør er eit prosjekt som skal greie ut om det er mogleg med kompetansearbeidsplassar i Åmli knytt opp mot den veksande skog- og trenæring. Prosjektet må sjåast i samanheng med den planlagde Biozin-etableringa, og skal greie ut kompetansebehov opp mot etableringa. For Åmli er dette eit sentralt prosjekt for å sikre ein attraktiv og differensiert arbeidsmarknad i bygda. Prosjektet er viktig sett i samanheng med nedlegginga av Åmli VGS frå sommaren 2020.

Det tok noko tid frå vedtaket i fylkestinget til eit klart mandat for arbeidet var utarbeidd i samarbeid med Aust-Agder fylkeskommune. Mandatet blei klart hausten 2019, og i førstudiefasa, som gjeng ut 2020, fokuserer vi på følgande delområde:

### Kartleggingsstudier.

Delrapport som kartlegg aktørbildet nasjonalt innanfor oppgitt skog- og

tre-næring. Kven er aktørar? Kven tilbyr kompetansen? Korleis vil kompetansebehova utvikle seg basert på ei framskriving av demografi, samfunnstrender og vekst i næringa?

*Behov mot fagutdanning for skognæringa og tremekanisk industri.*

Bakgrunnen for eit tenkt behov i næringa – blant anna signalisert av Landbruks- og matdepartementet i Meld. St. 6 (2016–2017), «Verdiar i vekst». Denne delen av studia vert gjort i samarbeid med Sørlandets fagskole.

Prosjekteiar fasilitetar prosessar og sett aktørane

saman, mens fagskolen bidreg med utdanningsfagleg kompetanse mot eit fagskulespor.

*Andre behov knytt opp mot GKS:*

Det vil være naturleg, basert på funna i kartleggingsfasa, å arbeide for å sikre eit mest mogleg robust grunnlag inn i eit eventuelt forprosjekt. Ein må då sjå på offentlige og private aktørar som kan falle naturleg inn i eit grønt kompetansesenter.

Forskingssamarbeid med NORSE/NIBIO/UIA. Pågåande initiativ der fokuset ligg på utvikling av berekraftige modellar for utvinning av skog som sikrar lokal verdiskaping.

Frå 2020 er det tilsett prosjektleiar i full stilling finansiert av Agder fylkeskommune. Dette er førebels planlagt eit år fram. Det vil, etter det, bli teke ei vurdering for vidareføring av prosjektet saman med Agder fylkeskommune.



## ØKONOMI

Det har vore god økonomikontroll gjennom heile året. Vi har klart å budsjetttere i høve til forbruk totalt for eininga. Ein må i det vidare vere påpasselege med å sikre god ressursutnytting i dei ulike tenesteområda. Eininga har arbeidd godt med å få inn prosjektmiddel.

## Habilitering og ressurs

### ORGANISERING

Habilitering og ressurs er organisert som ei eining bestående av tenesta for funksjonshemma, NAV kommunale tenester, psykisk helseteneste/ rus, dagcenter og Åmli frivilligentral.

Våren 2019 blei det tilsett tenesteansvarlig i eininga. Tenesteansvarlig er tettare på den daglige drifta i tenesta for funksjonshemma og kan saman med einingsleiar ta avgjersler og legge til rette for raskare omstilling og effektivitet når det er nødvendig. Det gir ei meir effektiv drift for heile eininga.

### TENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA (TIMMERODDEN BUFELESSKAP)



Spørjerunde med ordførar

Det har ikkje vore tilflytting eller fråflytting av bebuarar på Timmerodden i 2019. Behovet for tenester har vore om lag det same som i 2018.

Det har i 2019 vore ein del bruk av vikarar, blant anna grunna usikkerhet vedrørende vidare hjelpebehov for einskilde brukarar.

Som eit resultat i vekst på avdelinga dei siste åra og tilbakemeldingar fra dei tilsette, såg ein det som hensiktsmessig å omorganisere slik at brukarar og tilsette blei fordelt på mindre team. Avdelinga tok til på denne prosessen våren 2019 og planane skal fullførast våren 2020. Turnusen til dei tilsette blir lagt om for at brukarar skal få færre personar å forhalde seg til, og for å få betre kontinuitet og betre faglig oppfølging rundt kvar einskild brukar.

Tenesta for funksjonshemma var i 2019 saman med fleire andre avdelingar i kommunen på kurs som omhandla vald og trugsmål. Det var teori og praktiske øvelsar. På slutten av året var ansatte i Åmli kommune på innføringskurs i HR-portalen, som vil bli lansert ved årsskiftet og som blir eit digitalt arbeidsverktøy alle skal bruke.



Tur med bålkos

### NAV ÅMLI KOMMUNALE TENESTER

NAV Åmli ønsker å fremje økonomisk og sosial tryggleik, betre levekår og førebyggje sosial problem.

NAV gir økonomisk råd- og rettleiing for å førebyggje og løyse sosiale problem. I nokre tilfelle kan NAV tilby økonomistyring.

NAV Åmli har i dag eit godt arbeidsmiljø med tilsette som leverer gode tenester.

Samarbeidet mellom kommunale tenester i Åmli og statlege tenester i Froland fungerer bra, men er i periodar utfordrande i tenestetilfella der brukar er i overgangsfasalar mellom kommunale og statlege ytingar. Frå og med oktober 2019 har det vore statlig tilstedeværelse på NAV kontoret i Åmli i veiledningssentertiden på torsdager kl.12.00 – 14.30.

Alle brukarar skal kunne kommunisere med NAV digitalt, uavhengig om dei mottar statlege eller kommunale tenestar. Det har i 2019 blitt jobba med digital løsning for søknad om sosialhjelpe (DIGISOS). Dette blir først satt i gang i 2020.

Mandat for utgreiing av framtidig organisering av NAV-kontora i Åmli, Vegårshei, Gjerstad, Risør, Tvedstrand, Froland og evt. Arendal som så på fordelar og ulemper med eit samarbeid mellom NAV kontora, blei avslutta våren 2019. Behovet for å foreta utredninga føreligg i Meld. St. 33 «NAV i en ny tid – for arbeid og aktivitet. I mai 2019 vedtok kommunestyret at NAV Åmli – kommunale tenestar – ikkje skal inngå i noen form for samarbeid/sammenslåing av NAV-kontora i Åmli, Vegårshei, Gjerstad, Risør, Tvedstrand, Froland og evt. Arendal på nåværende tidspunkt.

Stilling som arbeidsleiar for sosialhjelpmottakarar har i 2019 fungert som ei 50% stilling overført fra habilitering og ressurs til eining for samfunn. Denne skal legge til rette for lovpålagt aktivitet etter § 20 i Lov om sosiale tenester i NAV. Ingen skal motta passive ytingar dersom det ikkje føreligg helsemessige årsakar til grunn for det. NAV har i 2019

lykkast med å stille krav til aktivitet på eit tidleg tidspunkt. Stillinga vil bli permanent vidareført i eining for samfunn i 2020

## PSYKISK HELSETENESTE/RUS

Psykisk helseteneste og rus er eit lågterskel tilbod som yter lovpålagte tenester og oppgåver.

Tenesta har vore i endring fordi ein del av brukarane i liten grad kan nyttiggjere seg samtaler aleine, og fleire av tenestemottakarane har fått tilbod om periodevis miljøarbeidarteneste eller støttekontakt. Ein ser at fleire av brukarane med utfordringar innan rusproblematikk treng meir miljøarbeidarteneste før dei kan nyttiggjere seg støttesamtalar og kan gå inn i endringsarbeid. Det må vurderast om ein skal dreie tenesta meir mot dette i 2020.

Overført tilskot frå fylkesmannen gjorde at tenesta arrangerte to dagars kurs i «Førstehjelp ved selvmordsfare» som var eit nyttig kurs.

I 2019 fekk kommunen tilskot til ei 50% stilling ut over det vi har hatt tidlegare. Noko av denne prosjektstillinga har vore bruka til miljøarbeid hausten 2019 og ein ser at det er nyttig å kunne setje inn tiltak og hjelp i heimen der dette er eit behov. Vi ser at i arbeid med rusmiddelavhengige er det behov for å arbeide på ein annan og meir langsiktig måte. Det er i 2019 gjennomført ein BrukerPlan kartlegging, noko som skal brukast inn i arbeidet med brukarar og planarbeid.

Kommunen fekk på slutten av 2019 eit ekstra tilskot til ei 20% stilling som erfaringkskonsulent med krav om at minst ein fast tilsett skal ta eit studium ved UIA saman med erfaringkskonsulenten med tema tenesteutvikling. To tilsette og erfaringkskonsulent vil gjennomføre dette i 2020.

Vi er fortsatt i startgropa i forhold til kva rolle erfaringkskonsulenten skal ha inn i arbeidet med rusmiddelavhengige.

Det er inngått samarbeidsavtale med SSHF om FACT med oppstart januar 2019.

Tilsette som arbeider tett opp til tenestemottakarane har jevnlege fagmøter. Tenesta har testa ut ulike metodar på korleis dei på best mogleg måte kan gi kvarandre gode tilbakemeldingar både fagleg og menneskeleg. Tilsette jobbar mykje med å støtte kvarandre og gjere kvarandre gode. Dette er med på å oppretthalde det gode arbeidsmiljøet. Dette er positivt for dei tilsette og aukar kvaliteten på tenestene, som er til tenestemottakarane s beste.



## ÅMLI SOM EIN AV-OG-TIL KOMMUNE

Åmli kommune har inngått samarbeidsavtale med organisasjonen AV-OG-TIL. AV-OG-TIL er ein alkoholvettorganisasjon. Det vert sett fokus på situasjonar der alkohol utgjer ein særleg risiko eller kan være til ulykke for andre. AV-OG-TIL vil bidra til å redusere dei negative følgjene av alkoholbruk i samfunnet og gjere kvardagen tryggare for alle. Gjennom å vere ein AV-OG-TIL kommune får vi sett fokus på førebygging og haldningsskapande arbeid innom rusfeltet. Vi deltek i ulike kampanjar som f.eks. «Hvor mange glass tåler barnet ditt».

AV-OG-TIL jobber ikkje for at ein skal slutte å drikke alkohol, men at vi skal redusere alkoholbruken der det kan være farleg eller gå ut over andre. Derfor har vi kampanjar som særleg fokuserer på situasjonar kor alkohol utgjer ein særleg risiko. Desse er: Arbeidsliv, båt- og badeliv, graviditet, idrett og friluftsliv, livskriser, samvær med barn og unge og trafikk.

AV-OG-TIL driv haldningsskapande arbeid gjennom eit brent nettværk av frivillige organisasjoner, kommunar og andre samarbeidspartar.

## DAGSENTER

Dagsenteret ligg sentralt til i sentrum og er eit samarbeid mellom einingane. Dagsenteret utgjer basen for dagtilbod inntil fem dagar i veka for menneske med psykisk utviklingshemming og psykiske helsetenester.

Det har i 2019 blitt jobba med å finne gode brukartilpassa aktivitetar/ arbeidsoppgåver som gjer at brukarane føler mestring og får ein meiningsfull kvardag i fellesskap med andre. Samarbeid på tvers av brukargrupper som har tilhald på dagsenteret er viktig for oppleveling av mestring og samhald.

I 2019 har vi gjennomført felles arrangement som påskelunsj med besøk av påskehare, og haustlunsj

med suppe for gruppene teneste for funksjonshemma og psykisk helse og rus.

Det har i 2019 vore ei auke i antal brukarar innan psykisk helse og rus, og kompleksiteten og ulike utfordringar gjer at det må være nok tilsette til å følgje opp den enkelte. I periodar har det vore inntil 25 brukarar og tilsette innom dagsenteret på same tid. Lokala for å drive dagsenter blir for små og det fører til redusert dagtilbod, frå 5 dagar til 2 dagar i veka for enkelte brukarar. Enkelte brukarar treng einrom i periodar i løpet av dagen, det medfører at det ikkje er plass til å tilrettelegge for den enkelte.

Gruppa psykisk helse og rus var på dagstur med tog til Oslo i juni 2019, med blide og fornøyde brukarar. Vi gjennomførte også inspirasjonstur til Arendal og Kristiansand med midlane frå fylkesmannen.

Fylkesmannen innvilga i 2019 prosjektmidlar ei 50% stilling knytt til kommunalt rusarbeid i tillegg til den eine stillinga som vi har hatt gjennom fleire år. I denne stillinga blei det tilsett to personar hausten 2019, ein erfaringskonsulent i 20% stilling og ein miljøterapeut i 30% stilling med mål om å fange opp dei som har eit rusproblem, og som treng noko anna enn det ordinære tilbodet vi har på aktivitetssenteret per i dag. Det har vært tilbod ein kveld i veka i tillegg til det ordinære tilbodet. Tilbodet vil bli evaluert våren 2020.



Aketur på Gautefall

## ÅMLI FRIVILLIGSENTRAL

I 2019 har Åmli Frivilligsentral vidareført fokus på sosialt samvær med servering av lunsj ved langbord for pensjonistar som bur for seg sjølv, og dei som bur på Åmli pleie og omsorgssenter, kiosktralle, kaffe «slabberas» annankvar onsdag, matutkjøring, tilrettelegging for språkpraksis, eldretreff med bingo, formidling av tenester, kulturtimen på Åmli pleie og omsorgssenter, følgjeteneste til sjukehus, tannlege og liknande, innsats for andre der entusiastiske elevar har valt å gjøre noko positivt for andre, aktiv deltaking på Fargerik fest i Åmlihallen og aktiv deltaking under Arendalsveka.

## ØKONOMI

Driftsbudsjett for habilitering og ressurs blei vedteke med ei ramme på totalt 21 014 063,- kr.

Totalt er det eit meirforbruk i 2019 på 979 516,- kr. Meirforbruket er i all hovedsak på grunn endringer i tilskuddsordningen på rapportering av ressurskrevende brukere. Ny presisering seier at det kun er direkte lønnsutgifter som er refusjonsberettiga. Endringa blei først presisert i rundskriv IS-4/2020-Tilskudd for særlig ressurskrevende helse- og omsorgstjenester i kommunene 14.01.2020.

## Helse og omsorg

### ORGANISERING

Helse og velferd består av legekontor, fysioterapeut, langtidsavdeling, skjerma avdeling, natteneste inne og ute og kjøkken, vaskeri og reinhald. Samt heimebaserte tenester som heimesjukepleie, heimehjelp og ambulerande vaktmeister.

Helse og velferd hadde i 2019 fokus på Velferds-teknolog og felles anskaffelse på Agder. Åmli kommune har innført digitale trygghetsalarmer, dørsensor og fallalarm. Dette har gitt pasientane og pårørande ein tryggare kvardag. Dei tilsette opplev at dei kan ta ansvar for heimebuande betre enn tidlegare. Vi utsette innlegging på institusjon med fleire månadar i nokre tilfelle.

Brannalarm i trygdeboligane er kobla opp mot trygghetsalarmane slik at det vil gå alarm til vakttelefonen til heimesjukepleia om det blir utløyst aktiv alarm.

Helse og omsorg har utfordring med å få den kompetansen som til ei kvar tid er naudsynt for å drifta. Vi har utfordringar med å få sjukepleiar og lege til kommunen. Og vi ser at fagarbeidar begynner også å bli færre søkerar på ledig stilling.

### LEGEKONTOR

Legekontoret har to fastlegar og der var turnuslege fram til september. Fastlegane har eit tak på 750 pasientar på fastlegelistene ved kontoret.



Fokusområdet og målet for legekontoret har i 2019 vore å ha ei stabil drift. Dette har vi til dels oppnådd. Vi har ikke ein vikarlege som er stabil, slik at drifta går som planlagt.

Vi har en ledig hjemmel som fastlege, som vi lyser ut. Åmli har utfordring med å få søkerar til stillinga.

Legekontoret har fokus på førebyggjande arbeid, der sjukepleiar på kontoret og legane har eit tett samarbeid. Sjukepleiar har oppfølging av pasientgrupper, dette avlastar legane noko. Dette er i tråd med den nye Primærhelsemeldinga som seier at vi må tenke nytt, og ha fleire yrkesgrupper inn på legekontor.

### FYSIOTERAPEUT

Fysioterapitenesta har fokus på: God funksjons- og mestringsevne for menneske med muskel- og skjelettlidningar, nedsett



funksjonsevne og funksjonshemmingar. Fysioterapi er eit fagfelt som er tverrfagleg orientert, spesielt innan habilitering og rehabilitering.



Kommunens fysioterapitenesta er organisatorisk delt i to; Kommunalt tilsett fysioterapeut og privatpraktiserande fysioterapeut med driftsavtale.

Kommunens fysioterapeut gikk over i ny stilling våren 2019, vi fikk ny fysioterapeut som startet opp i oktober 2019.

Kommunefysioterapeuten gir tenester som omfattar førebyggjande tiltak og tenester til alle menneske med nedsett funksjonsevne som har behov for opptrening, tverrfagleg rehabilitering og tilrettelegging av sine omgjevnader. Ressursane er knytt til vurdering og behandling, helsefremmande og førebyggande arbeid, tenester frå helgestasjon, tilrettelegging av bustad og formidling av hjelpemiddel.

Oppfølging av rehabiliteringspasientar på ÅPOS har vore prioritert.

Fysioterapeut har deltatt på treningsgruppe i samarbeid med psykisk helse og hatt førebyggande arbeid på helgestasjonen.

**Viktig for 2020:** Helsefremjande og førebyggjande helsearbeid (spesielt skulehelsetenesta og psykisk helse hos barn og vaksne). Tilby opplæring og vegleiing til tilsette. Fysisk aktivitet til eldre.

### FRISKLIVSSENTRAL

Dette er eit lågterskeltilbod. Det er eit tilbod til innbyggjarar som ønskjer hjelp til livsstilendring. Det kan vere å bli meir aktiv, gå ned i vekt, hjelp til å slutte å røyke eller å mestre livet med dei utfordringane som livet byr på. Det er ikkje sett av midlar i budsjettet til tilboden. Det betyr at legekontor og folkehelsekoordinator bidrar til å få dette til å fungere.

Der er tilbod om samtaler, gå-gruppe, styrke trening og bassengtrening.

Målet er å kunne tilby ulike kurs i løpet av året til denne målgruppa.

Frisklivssentralen er eit samarbeid mellom fysioterapeut og psykisk helse/rus.

### INSTITUSJON - ÅPOS

I 2019 hadde vi 10 langtidsplasser og 4 korttids- og rehabiliteringsplassar. Pr. 31.12.2019 var det 5 langtidspasientar og 3 korttidspasientar. I løpet av 2019 har vi hatt fleire inne på rehabiliteringsopphold som er kome heim til eigen bustad att.

**Mål for 2020:** Å ha ledig rom til ei kvar tid ved institusjonen, samt å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset til ei kvar tid.

### SKJERMA AVDELING

Skjerma avdeling er ein tilrettelagt eining med seks pasientrom.

Avdelinga har i 2019 arbeidd med:

- Tillitsskapande tiltak rundt den enkelte pasient og individuell omsorg
- Avdelinga har fokus på utvikling av demens-arbeidet
- Fokus på aktivitetar

Gjennomføring av fagmøte i avdelinga har vore viktig for å få alle som arbeider saman til å finne fram til gode løysningar, og for å kunne evaluere tiltak ofte i ei krevjande avdeling. Det er viktig at alle tilsette har lik forståing og arbeider så likt som mogleg rundt den enkelte pasient.

### LANGTIDSAVDELING

Langtidsavdelinga har 9 pasientrom, der 4 er til langtidsplassar og 1 akuttrom, samt at avdelinga har ansvar for 3 korttidsplassar.

Vi har i 2019 arbeidd med følgande fokusområde:

- Rehabilitering og korttidspasientar
- Gje god omsorg til døande pasientar og dei sine pårørande
- Auke sjukepleiefagleg kompetanse
